

Undersøking av formbruken i ulike typar upublisert materiale på nynorsk

Åse Wetås

1. Innleiing

Denne delundersøkinga tek for seg formbruken i upubliserte nynorsktekstar skrivne under varierende grad av normpress. Ein del av tekstane er produserte i skolesamanheng, medan resten av tekstmaterialet ikkje er skrivne under særleg stort normpress. Kvar for seg er dei tekstmateriala eg har valt ut, relativt små, og dei kan difor ikkje gje noko fullgodt bilete av normsituasjonen på dette området. Eg håper likevel at det samla sett skal vera mogleg å lesa ut nokre tendensar av materialet.

Delmateriala som er med i denne undersøkinga, er eit utval elevtekstar skrivne til avsluttande eksamen i grunnskolen (10. klasse), det er to samlingar innlegg mottekne av redaksjonen i *Norsk Barneblad*, det er eventyrtekstar skrivne av barn mellom 10 og 13 år, og det er tekstar som barn og ungdom sjølv sender inn til nettstaden *Skrivebua*. I tillegg har eg undersøkt minneoppgåver frå Nasjonalforeininga si minneoppgåvekonkurranse i 1996. Eg skulle også gjerne analysert materiale frå t.d. dagboksamlingane til Norsk etnologisk gransking¹, men fordi tida ikkje strakk til, har eg ikkje hatt høve til å ekserpera meir.

Tekstmaterialet som er med i denne undersøkinga, er jamt over mykje meir ueinsarta enn tekstmateriala frå rapporten om normvariasjon i publiserte tekstar på nynorsk. I materialet har eg både funne ein god del fleire talemålsinnslag, arkaiske nynorskformer og ulike andre former som ligg utanfor rettskrivinga. Slik eg har oppfatta det, har den primære oppgåva mi vore å kartleggja formbruk, ikkje å registrera feiltypar. Som utgangspunkt for undersøkingane mine har eg hatt eit skjema med eit avgrensa sett former. Dersom eg skulle kartlagt formbruken i kvar einskild tekst utan desse avgrensingane, ville det ikkje vore mogleg å gjennomføra undersøkinga i løpet av tida eg har hatt til disposisjon. Konsekvensen er likevel at ein del avvikande former som finst i tekstane, fell utanfor undersøkingsskjemaet. I desse tilfella har eg så langt det har vore mogleg, forsøkt å få med dei avvikande formene der dei ikkje berre finst hos ein skrivar, men gjeld større delar av dei ulike delmateriala.

2. Tekstmaterialet

2.1 Undersøking av elevtekstar frå 10. klasse i grunnskolen

Materialet

Materialet er utlånt frå KAL-prosjektet (Kvalitetssikring av læringsutbyttet i norsk skriftleg). KAL-prosjektet har eit landsomfattande representativt tekstmateriale på om lag 4500 tekstar skrivne til avsluttande grunnskoleeksamen i norsk hovudmål. Halvparten av dette tekstmaterialet er frå eksamenskulla 1998 og 1999. (Desse elevane tok eksamen etter den gamle læreplanen M 87.) Andre halvparten er frå eksamenskulla 2000 og 2001. (Desse tok eksamen etter den nye læreplanen L 97.) Tekstane eg har analysert nærare, er alle frå grunnskoleeksamen våren 2000.

¹ Norsk etnologisk gransking har arkivert 16.000 dagboktekstar frå 26.4.95. Desse tekstane er skrivne av barn og vaksne over heile landet. Dette ville sjølvsagt vore ei god kjelde til kunnskap om normbruk i upublisert tekstmateriale.

KAL-tekstane er grovinnfelte i regionane *nord*, *midt*, *vest* og *aust*. Kvar av skolane det er med tekstar frå, er merkt med urbaniseringsgrad (*låg* eller *høg*). For at tekstutvalet eg gjorde skulle reflektera best mogleg denne inndeling, har utvalet her blitt²:

- **Aust**: eit klasesett frå skole merkt med urbaniseringsgrad *høg* (til saman 17 tekstar på nynorsk = Aust 1), og eit klasesett frå skole merkt med urbaniseringsgrad *låg* (til saman 15 tekstar på nynorsk = Aust 2).
- **Midt**: i utvalet frå denne regionen var det berre ein skole med nynorsk som hovudmål. Det er 12 tekstar i dette utvalet (urbaniseringsgrad *låg*).
- **Vest**: to skolar med urbaniseringsgraden *låg* (sju tekstar = Vest 1 + 17 tekstar = Vest 2) og ein skole med urbaniseringsgraden *høg* (18 tekstar = Vest 3). Grunnen til at det er tre skolar i dette utvalet, er at materialet frå den første skolen var så lite.

Det er ingen tekstar frå region nord, fordi ingen av skolane i utvalet frå denne regionen, har nynorsk som hovudmål. Det ville i denne omgangen blitt for arbeidskrevjande å gå gjennom alle klasesetta frå regionen på leit etter einskildtekstar på nynorsk.

Eit problem i handsaminga av materialet har vore at det i dei fleste av desse klasesetta finst oppgåvesvar som er skrivne på bokmål, sjølv om skolen har nynorsk som hovudmål. I nokre av oppgåvesvara er skrivekompetansen så svak at det kan vera vanskeleg å avgjera kva målform teksten er skriven på. Som døme kan eg visa til setninga: “To små barn sitter forskrekke inne i ein bil og ser at moren dems ligger død utanford”.

Sjølv om eg ikkje har lagt vekt på å skildra feiltypar, vil eg likevel kommentera nokre feilkategoriar som ser ut til å vera høgfrekvente. Mange at skivarane strever med korrekt bruk av pronomen, og svært mange har store problem med samsvarsbøying. I ein god del av tekstane kjem det også til uttrykk store og generelle problem med meistring av skriftspråket. Desse ser dels ut til å slå ut i nokså omfattande talemåls- og bokmålsinterferens, dels i at skivarane har problem med den nynorske morfologien, og dels i generelle rettskrivingsproblem (jf setninga referert over).

Nokre gonger har det også vore litt vanskeleg å avgjera kva i materialet som er skrivefeil i originalteksten, og kva som har komme inn i innskrivingsprosessen³. Dette har vanskeleggjort søkearbeidet. Dersom eg skulle gått gjennom heile tekstmaterialet manuelt for å sjå etter inkuriar som kunne ha komme til i innskrivingsprosessen, ville det teke mykje meir tid enn den eg har hatt til disposisjon. Men konsekvensen er altså at resultatane av undersøkingane mine kan vera litt forteikna.

Materialet er eksamenstekstar frå 10. klasse i ungdomsskolen, og dei er difor produserte under eit visst normpress.

Tekstgjennomgang

Eg handsamar tekstmaterialet samla, med mindre det kjem til uttrykk tydelege regionale skilje. I dei tilfella det ser ut til å vera regional variasjon, blir dette teke opp spesielt.

Morfologi

Substantiv

Det er ingen funn av [-i]-endingar i bunden form sg. av sterke femininum i denne delen av materialet, og det er heller ingen funn av [-or, -one] i pl. av svake femininum⁴. I eitt av klasesetta (Vest 3) blir det i brorparten av tekstane nytta [-a] i ubunden form sg. av svake femininum. Berre fire av tekstane inneheld former med -e. I dei andre delmateriala blir hovudformene med -e nytta heilt konsekvent.

Når det gjeld dei undersøkte svake nøytrumsorda, er variasjonen her (som i andre delar av tekstmaterialet) stor. Det er vanskeleg å lesa regionale skilje ut av funna eg har gjort, både

² Namnet på den einskilde skolen finst i materialet, men personvernomsyn gjer at desse opplysningane ikkje kan brukast. Difor opererer eg med termane ‘*vest 1*’ osv. for å skilja delmateriala.

³ Nokre av feila i materialet ser ut til å vera typiske “tastaturfeil”, som nok er komne inn i innskrivinga av tekstmaterialet.

⁴ Ein av tekstane inneheld forma **fargor*, men andre stader i denne teksten blir det nytta -er og -ene i feminina.

fordi bruken av formene er så vekslende internt i delmateriala, og fordi det samla talet på former er så lite.

Tabell 1: former av *auge* i tekstane. (/ markerer at ulike former er nytta innanfor same teksten):

	Ubunden form sg.	Bunden form sg.	Ubunden form pl.	Bunden form pl.
Aust 1	<i>auge</i> (2 tekstar)		<i>auge</i>	* <i>augene/auga</i> , <i>augo</i>
Aust 2			<i>auge</i> , <i>auge</i> /* <i>auger</i>	* <i>øynene</i> , <i>augo</i>
Midt	<i>auge</i>		<i>auger</i> , <i>augo</i>	<i>auga</i> (2 tekstar), <i>augo</i>
Vest 1		<i>auget</i>	* <i>auger</i>	* <i>augene</i> (2 tekstar)
Vest 2			<i>auge</i> , <i>augo</i>	<i>auga</i> , <i>augo</i> , * <i>augene</i>
Vest 3			<i>augo</i> , * <i>auger</i>	<i>augo</i> , * <i>augene</i> , * <i>øyene</i>

Dersom det i det heile kan peikast på nokon tendens her, må det i tilfelle vera at dei svake nøytrumssubstantiva for ein viss grad ser ut til å få *-er*, *-ene* som bøyingsuffiks i fleirtalskategoriane. Det ser også ut til å vera same typen variasjon i formene av *øyre* og *hjarte*/[*hjerte*].

Adjektiv

Nøytrumsformer av adjektiv på *-en* er lite representerte i det heile, og i denne delen av materialet har eg berre gjort to funn; [*opent*] (Aust 1) og [*kristent*] (Vest 2). Det er ikkje mogleg å generalisera ut frå desse to einskildfunna.

Pronomen

Personlege pronomen 1. pers.pl. er også med i undersøkingsutvalet. Fordelinga står til ein viss grad i forhold til kva som blir nytta i den lokale dialekten, men for Vest 2 sin del, stemmer ikkje dette. Skolen ligg i eit område der pronomenforma *me* blir nytta i den lokale dialekten, men likevel er resultat av samlesøk 94 treff på pronomenforma *vi*, og berre sju treff på forma *me*.

Tabell 2: pers.pron. 1. pers.pl. (Tala i tabellen viser kor mange tekstar som nyttar dei ulike formene.)

	<i>me</i>	<i>vi</i>	blandar
Aust 1	-	10	1
Aust 2	4	3	1
Midt	6	-	-
Vest 1	6	1	-
Vest 3	15	1	2

Bruken av sideformene [*noen*, *noe*] er heilt marginal i denne delen av materialet. Det einaste oppgavesettet der desse formene blir nytta i fleire oppgavesvar, er materialet Aust 1. Her er [*noen*] nytta i tre av tekstane og [*noe*] i fem tekstar. Berre ein av desse nyttar formene konsekvent, medan dei andre blandar hovudformer og sideformer.

Søk på *hennar* og [*hennes*] viser at det stort sett er hovudforma *hennar* som blir nytta. Sideforma [*hennes*] finst det nokre einskilddøme på, men også **hennas* er representert. Det er få treff på *deira* (nytta i totalt ni tekstar), men hovudforma er likevel meir brukt enn sideforma [*deires*], som faktisk ikkje finst i denne delen av materialet. Sideforma er dermed dårlegare representert enn formene **deiras* (3 tekstar) og **dems* (1 tekst). For *annan* er det også berre hovudformene som er representerte i tekstmaterialet. Her bør det også kommenterast at samsvarsbøyinga i genus ser ut til å vera vanskeleg å administrera for ein god del av skrifvarane. Mange stader i materialet finst det feil av typen “*ei annan*”.

Verb

Skrivarane har som regel store problem med å halda styr på infinitivsendingane sine. I fem av dei seks undersøkte klassesetta blandar mellom halvparten og 2/3 av elevane infinitivsendingane saman. På den siste skolen i utvalet mitt er det berre fire av totalt 15 som blandar *e-* og *a-*infinitivar (Aust 2). Resten praktiserer her *e-*infinitivar (10) eller kløyvd infinitiv (1). Mellom tekstane som blandar saman former, er det likevel skilnader: i nokre av tekstane er det ikkje noko system i det heile, medan det i andre tekstar i litt større grad er konsekvens.

Når det gjeld valet av infinitivsending, må det også peikast på at det ikkje ser ut til at elevane har fått råd om å velja infinitivsending etter dialekten sin. Det skal også leggjast til at nokre av elevtekstane er så korte at det er vanskeleg å peika på system og konsekvens i det heile. T.d. blir det i tre av tekstane frå den sør-vestlandske skoleklassen (Vest 2) nytta *e-*infinitivar, men to av tekstane er så korte at dei totalt berre inneheld ein eller to infinitivar.

I preteritumsformer av *e-* og *j-*verb ser det ut til å vera veksling mellom hovudformer og sideformer internt i tekstane, og det er vanskeleg å peika på nokon einskapleg tendens i dei ulike delmateriala. Det einaste delmaterialet som skil seg ut her, er Vest 2, der det ser ut til å vera overvekt av *-de*-former.

For supinum av svake verb med obl. *-(d)de* i pret. ser det ut til å vera klår overvekt i bruken av *-(d)d*. Faktisk er *-tt* nytta berre ein gong i dette materialet (forma *trutt* i Vest 3). Der står valet mellom *-dd* og *-dt*, er variasjonen litt større.

Supinum av sterke verb: her er bruken av dei jamstelte formene med *-e* heilt dominerande. I Aust 1-materialet er det nytta supinumform med *-i* i to av tekstane (**sitti*, **detti* – der begge formene ser ut til å representera talemålsinterferens). Det ser også ut til at ein del av skrivarane strevar med denne kategorien. Dette les eg ut av former som **komet*, **kommet*, **skrevet* osv.

Passiv- og refleksivformer med *[-s]* er også relativt sjeldsynte. I nokre av tekstane er det tendensar til blanding (t.d. formene *haldas* og *jobbast* i same teksten), og i oppgåvesettet Vest 3 ser former med *[-s]* og *-st* ut til å vera blanda meir eller mindre vilkårleg. Elles i materialet er formene med *-st* einerådande.

Kortformer av verb er mykje meir frekvente enn dei tilsvarende langformene. I Aust 1 er kortforma *ta* representert i ti av oppgåvesvara. I ein av tekstane blir *ta* og *taka* nytta om kvarandre. Elles er ikkje langforma representert i det heile. I dei andre delmateriala finn eg også berre kortformer; *ta*, *gi/gje*, *la*, *blø* og *ha*.

Sterke verb med svake former: her ser det ut til at dei svake formene *tar*, *tatt*, *lar*, *latt*, *slått*, *gitt* osv. er meir nytta enn dei tilsvarende sterke formene. Men her skal ein hugsa på at den totale mengda treff det blir generalisert over, er svært lita.

For tilhøvet mellom former av verb med og utan *j*, er det også vanskeleg å lesa nokon eintydig tendens ut av materialet. I mange tekstar er det intern variasjon, men det kan nok sjå ut til at formene med *j* er noko meir utbreidde. I Vest 2 og Vest 3 er formene med *j* totalt dominerande.

Bli-blir-blei-blitt er den dominerande bøyinga i Aust 1. Her er former av *verta* mest ikkje representerte. Fire av tekstane nyttar preteritumsforma *vart*, men to av dei nyttar også samstundes *blei*. Korkje *verta/-e*, *vert* eller *vorte/-i* er representerte i Aust 1. I Aust 2 er pret.forma *vart* meir dominerande, men elles er det former av *bli* som gjeld. I Midt-materialet ser den dominerande bøyinga ut til å vera *bli-blir-vart-vorte/blitt*. Men i ein del av tekstane blir også pret.forma *blei* nytta. I Vest 1 ser tendensen ut til å vera *bli-blir-vart-blitt*, men dette delmaterialet er så lite at det ikkje må leggjast for mykje vekt på det. I Vest 2 dominerer former av *bli* fullstendig. Dette gjeld også for Vest 3.

Fonologi

Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: hovudforma *berre* er nytta mykje meir enn sideforma [*bare*] i alle tekstmateriala. Men det er likevel ein del av tekstane som inneheld forma [*bare*]. Det er ikkje så mange treff på *anten* i tekstmaterialet, men på den andre sida blir sideforma [*enten*] ikkje nytta i det heile.

- ii. *e – i*: i Aust 2-materialet er det eitt treff på den jamstelte forma *veta*, og i Midt-materialet er det eitt treff på forma *vite*. I Vest 2-materialet er *veta/-e* registrerte to gonger. I dette delmaterialet er det i tillegg eitt treff på forma *vite*.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er dominerande i alle delmateriala, men [*gjøra/e-gjør*] dukkar også opp her og der i fleire tekstar.
- iv. *jo – y*: her er det stort sett berre former av *lys* som er nytta, men *ljøs* er registrert ein gong (Midt).
- v. *o – u*: her har eg søkt på dei jamstelte formene *skule* og *skole*. Samtlege av delundersøkingane viser at forma *skule* er mykje meir nytta enn *skole*.
- vi. *o – å*: hovudformene *no* og *så* dominerer. I tillegg er det nokre innslag av [*nå*]. Jamnast er fordelinga i delundersøkinga Aust 1, der seks av skrivarane nyttar *no*, fem nyttar [*nå*] og to blandar, og i Vest 2, der det totalt er 19 førekomstar av *no*, mot 13 førekomstar av [*nå*]. I tekstmaterialet er det elles berre få innslag av sideforma [*so*]. Det er generelt få treff på *tola*/*tåla*, men formene er om lag likt representerte.
- vii. *u – y*: former av *lykke* er sterkt representerte i tekstane frå alle delundersøkingane. Former med *lukke* finst det berre nokre få døme på. Ein tekst blandar. Forma *skyld* finst i to oppgåver, medan *skuld* er nytta i ei. Eg har elles berre funne døme på hovudforma *tynn*, og ikkje på sideforma [*tunn*].
- viii. *u – ø*: her har eg m.a. søkt etter formene *sundag* og *søndag*. Det er berre *søndag* som er nytta her, men det er ikkje meir enn totalt tre treff på ordet, så det kan vanskeleg trekkjast konklusjonar på bruken av former med *u* og *ø* ut frå dette.
- ix. *y – ø*: her er variasjonen mykje større. Midt har *først* og *første* i tre tekstar, og elles hovudformene *lyfter* og *syster*. I heile vest-materialet er former med *ø* totalt dominerande, både når dei er hovudformer og når dei er jamstelte hovudformer. I aust-materialet dominerer også stort sett formene med *ø*, men her er *fyrst* og *fyrste* sterkt representerte.

Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: eg har funne to førekomstar av forma **rød*⁵ i materialet, men berre ein førekomst av eineforma *raud*. I Vest 2-materialet er det heile fem treff på forma **lørdag*, medan eineforma *laurdag* ikkje er representert der det heile. Ei viss veksling mellom dei jamstelte formene *daud* og *død* er det også. I delundersøkinga Aust 1 er det eitt treff på forma **høst*, og ingen på eineforma *haust*. Her er det også eit treff på **øst-* (i samansetjinga *østkanten*), men ingen treff på *aust*. I Aust 2 er sideformene [*drøm*] og [*drømmen*] nytta, medan hovudformene med diftong er fråverande. Igjen er det samla talet på treff lite, men tendensen ser ut til å gå i favør av monoftongbruken.
- ii. *ø – øy*: her ser det ut til at formene med *øy* dominerer ganske sterkt over dei med *ø*.

Konsonantar

- i. Enkel vs. dobbel *m*: både *komma/e* og *koma/e* er mykje nytta i materialet. Det er ikkje mogleg å sjå nokon klår tendens i den eine eller andre retninga her. Hovudforma *gammal* er nytta til saman sju gonger, medan sideforma [*gamal*] er nytta seks gonger. Hovudforma *sommar* er nytta 13 gonger, medan det ikkje finst treff på sideforma [*sumar*]. Formene **somar* og **summar* finst ein gong kvar i tekstmaterialet. I tillegg bør det kommenterast at det er ein del tilfelle av **samme* i materialet.
- ii. Enkel vs. dobbel *t*: totalt finst det i materialet to treff på *kjøtt* og eitt treff på *kjøtt*.

Når det gjeld konsonantane, ser me altså at det vanskeleg let seg gjera å peika på nokon eintydig tendens, korkje samla sett eller regionsvis. Sideforma [*gamal*] står ganske sterkt, medan sideforma [*sumar*] ikkje gjer det.

⁵ Den eine førekomsten er i samansetjinga **rødvin*, og det er ikkje sikkert at skrivaren utan vidare analyserer denne samansetjinga som *raud* + *vin*. Det same kan gjelda forma **østkanten*, som også finst i dette materialet (jf funnet frå Aust 1).

Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg/[muleg]*: forma *mogleg* er dominerande, med totalt 10 treff i materialet. *Mogeleg* er nytta ein gong, medan sideformene [*muleg*] og [*mulig*] er nytta ein gong kvar.

Delkonklusjon

Sjølv om det er vanskeleg å formulera sikre konklusjonar ut frå eit så lite materiale, ser det ut til at ein hovudtendens er at hovudformene er meir nytta enn sideformene (t.d. i substantivbøyinga, sjølv om det her er interessant å sjå at dei fleste av tekstane i eitt av klassesetta inneheld sideforma [-a] i ub.sg. av svake hokjønnsord). Nokre jamstelte hovudformer blir nytta langt meir enn andre (t.d. dei jamstelte hovudformene *lykke* og *skule*). Eg har lagt vekt på å få til ei viss spreiding i tekstmaterialet, og det er mogleg å sjå nokre regionsvise skilnader mellom delmateriala, som i valet av pronomenform i 1.pers.pl., og til ein viss grad i valet av infinitivsendingar. Også i valet mellom *y* og *ø* (vokalar, pkt. ix.) kan det kanskje sporast visse skilnader mellom regionane.

2.2 Brev frå barn og ungdom til *Norsk Barneblad*

Norsk Barneblad ved redaktør Nana Rise gav meg tilgang til tekstmateriale redaksjonen hadde motteke frå barn og ungdom som les bladet. Eg fekk kopiar av eit utval vanlege brev redaksjonen hadde fått i løpet av våren 2001, og i tillegg fekk eg kopiar av e-postbrev redaksjonen hadde motteke i same perioden. Rise meiner sjølv det ser ut til å vera ein tendens til at dei som skriv vanlege brev, i større grad held seg innanfor norma enn dei som sender e-postbrev. Denne rapporten dreier seg jo ikkje om feiltypar, men eg tek sjølvstilt med normstridige innslag innanfor dei formgruppene eg har undersøkt nærare.

Generelt ser det ut til at normpresset ikkje blir opplevd som særleg høgt i desse tekstane. Her er det innslag av talemålsnær syntaks, m.a. med ein god del anakolutiar og utelatingar, det er innslag av engelsk og innslag av noko som kanskje kan kallast “tekstmeldings-språk”⁶. I ein del av breva er det vanskeleg å avgjera om skrivaren eigentleg nyttar bokmål eller nynorsk. Eg har forsøkt å vera så velvillig som mogleg i tolkinga mi. Likevel har eg ikkje nytta meir enn 16 av dei totalt 38 e-postinnlegga som nynorsktekst. Brevmaterialet er på totalt 21 brev.

Problemet med dette delmaterialet er at alle tekstane er svært korte. Difor inneheld dei ofte ikkje formene eg har med i undersøkingskategoriane mine. Dette gjer at det i ein del tilfelle er umogleg å trekkja konklusjonar om bruksfrekvensar innanfor dette delmaterialet. Litt problematisk er det dessutan at eg ikkje har informasjon om kvar i landet dei ulike skrivarane kjem frå. Fordi eg ikkje kan vurdera funna i samanheng med kvar i landet skrivarane er frå, mister delstudien av desse tekstane ein dimensjon som elles er viktig i tekstgjennomgangane.

Tekstgjennomgang

Eg går gjennom tekstmaterialet samla, slik at eg fortløpande vurderer funna frå dei vanlege breva opp mot e-postbrev.

Morfologi

Substantiv

Alle tekstane som inneheld svake hokjønnsord i ubunden form sg., nyttar *-e*. Eg finn ingen bruk av sideformer med [-a]. Det same er tilfellet med pluralisformene av svake femininum. Her er det ingen bruk av sideformene [-or, -one]. For dei sterke hokjønnsorda i bunden form sg. er det berre hovudformene med *-a* som er nytta. Eg finn ingen døme på bruk av dei svake nøytrumsorda *auge*, *øyre* og *hjarte*/[*hjerte*] i desse tekstane.

⁶ Tekstane inneheld ord og formuleringar som *yo*, *believe me*, *babe*, *kozcz*, *pliz*, *klemz* osv., samt opphopningar av diakritiske og andre teikn som skal illudera banneord (som i utsegna “ka i #α?=#"%α er det du meiner??”, henta frå tekst nr. 39).

Adjektiv

Det einaste funnet eg har gjort av nøytrumsformer av adjektiv på *-en*, er hovudforma *ope* i eitt av e-postbrev.

Pronomen

Tre av e-postinnlegga har *vi* som personleg pronomen 1. pers.pl. Fire av innlegga har *me*. Fire av breva inneheld forma *vi*, fire inneheld forma *me*, og i eitt brev nyttar skrivaren *me* og *vi* om kvarandre. Det totale talet på innslag av denne kategorien i tekstane er altså lite, men me ser at bruken av *vi* og *me* er jamn.

Når det gjeld bruken av former av *nokon* eller [*noen*], viser tekstgjennomgangen at det i sju av e-postinnlegga er nytta former av *nokon*, medan eitt innlegg inneheld nøytrumsforma [*noe*]. Av dei vanlege breva er det 11 som inneheld former av *nokon*, medan sideformene ikkje er nytta i det heile.

I e-postmaterialet har eg funne eitt innslag av hovudforma *hennar*. I brev materialet er det to innslag av sideforma [*hennes*]. Det samla talet på funn er jo altfor lågt til å generalisera over, men det er likevel interessant å sjå at [*hennes*], som har så låg bruksfrekvens i andre delmateriale, finst her.

Det einaste funnet eg har gjort i neste undersøkingskategori, som er bruken av *deira*, er forma **deiras* i eitt av e-postbrev. Denne forma såg me også at dukka opp i fleire tekstar i KAL-materialet, og er nok eit døme på talemålsinterferens.

Når det gjeld former av *annan*, har eg gjort funn i tre tekstar. Av desse er det berre eitt av funna som ikkje er eineform innanfor sin kategori. Her blir hovudforma *anna* f. nytta.

Verb

I e-postmaterialet er det nytta *e*-infinitivar i sju av tekstane, medan berre ein skrivar nyttar *a*-infinitivar. To av tekstane er det umogleg å avgjera om praktiserer *e*-infinitivar eller kløyvd infinitiv, og fire av e-posttekstane viser usystematisk blanding av *a*- og *e*-infinitivar. I brev materialet er det fem av skrivarane som konsekvent nyttar *e*-infinitivar, medan tre av skrivarane nyttar *a*-infinitivar. To av skrivarane ser ut som dei forsøker å administrera kløyvd infinitiv, og den eine meistrar det betre enn den andre. I tre av tekstane er det nytta *e*- og *a*-infinitivar om ein annan.

Dels som ein konsekvens av sjangeren, og dels som ein konsekvens av at tekstane er korte, er det få preteritumsformer her. I e-postmaterialet har eg berre funne ei svak preteritumsform innanfor kategorien 'preteritum av *e*- og *j*-verb' (sideforma [*spurte*]). I brev materialet har eg funne hovudformene *fortalde*, *skremde* og den jamstelte forma *varte*.

Eg har heller ikkje funne meir enn to supinumformer av svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum. Desse er formene **bodd* og *nådd*. Sjølv om det i begge tilfella er nytta *-dd*, kan ein ikkje generalisera over berre to tilfelle.

I undersøkinga av supinumformer av sterke verb har eg berre funne bruk av jamstelte former med *-e*. I e-postmaterialet er det slike supinumformer i tre av tekstane, og i brev materialet er det sju tekstar med *-e*-endingar.

To tekstar i e-postmaterialet inneheld passiv- eller refleksivformer. Begge desse nyttar hovudforma *-st*. I brev materialet er det tre tekstar som inneheld *-st*-former, og ein tekst som inneheld [*-s*]-former.

Undersøkinga av kort- og langformer av verb viser at berre kortformer er representerte i e-postmaterialet (*dra*, *ta*). I brev materialet har eg funne kortformene *ta* og *gje*, samt langforma *lide*.

Svake former av sterke verb: her har eg funne forma *tatt* i eitt av e-postbrev. I tillegg er det ein av tekstane som nyttar sideforma [*leser*], og ein som nyttar [*skriver*]. Det er vel meir truleg at formvalet er eit resultat av bokmåls- eller talemålsinterferens, enn at skrivarane medvite går inn for sideformene med [*-er*] i presens av sterke verb⁷. Undersøkingar viser jo elles at dette er ein variant korkje studentar eller lærarar kjenner til (jf delundersøkinga om brukarhaldningar til norma). I brev materialet fann eg bruk av formene *tatt*, *latt*, *fått* og *stått*.

⁷ Med på å styrka denne teorien er det at ein tredje tekst både inneheld presensforma *skriv* og presensforma [*skriver*].

Bruken av verbformer med *j* er ikkje særleg omfattande i e-postmaterialet. Her finn eg sideformene [*tenke*], [*trekke*], [*legge*] og [*sitte*], men også hovudformer som *leggje* og *tiltrekkje*. Interessante er dessutan funna av formene **fortelle* og **sørge* utan obligatorisk *j*. I brevmaterialet er også formene utan *j* i solid fleirtal. Her har eg berre funne eitt nedslag av presensforma *tenkjer* med *j*. Elles er det berre nytta sideformer utan *j*; [*ringe*], [*ligge*] og [*legge*], og i tillegg forma **følge*.

I bruken av *bli* eller *verta* er det vanskeleg å lesa ut nokon klår tendens av e-postmaterialet. I brevmaterialet ser det ut til at formene *bli* og *blir* dominerer i hhv. infinitiv og presens, medan det er relativt fleire innslag av *vart* og *vorte* i formkategoriane.

Fonologi

Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: fem av tekstane i e-postmaterialet inneheld hovudforma *berre*, medan fire av tekstane inneheld sideforma [*bare*]. I brevmaterialet er det 11 av skrivarane som nyttar hovudforma *berre*, og ikkje meir enn ein som konsekvent nyttar sideforma [*bare*]. I ein tekst finn eg *berre* og [*bare*] nytta om kvarandre.
- ii. *e – i*: formene *vita* og *veta* er nytta i kvar sin tekst i brevmaterialet. I dette delmaterialet finn eg dessutan to tekstar som inneheld den jamstelte hovudforma *derfor*, og ein tekst som inneheld sideforma [*fikk*].
- iii. *e – ø*: fire av tekstane i e-postmaterialet inneheld hovudforma *gjera*, medan ein tekst nyttar sideforma [*gjøre*]. I brevmaterialet er det fire tekstar som inneheld hovudforma *gjera*, og ingen døme på bruk av sideforma.
- iv. *jo – y*: i kvart av dei to delmateriala er det ein tekst som inneheld den jamstelte forma *lys*. Forma *ljøs* har eg ikkje funne brukt.
- v. *o – u*: i e-postmaterialet finn eg forma *skule* i ein av tekstane. Denne teksten vekslar også mellom eineforma *frukost* og forma **frokost*. Ein annan tekst inneheld begge dei jamstelte hovudformene *skule* og *skole*. I brevmaterialet finn eg forma *skule* i fem av tekstane. Her er det ingen innslag av forma *skole* i det heile.
- vi. *o – å*: i e-postmaterialet er det ein tekst som inneheld hovudforma *no*, og to tekstar der sideforma [*nå*] blir nytta. Hovudforma *så* blir nytta i fem av tekstane, medan sideforma [*so*] berre blir nytta i ein tekst. Hovudforma *no* finst i fem av brevttekstane. I dette delmaterialet er det ingen bruk av sideforma [*nå*]. Hovudforma *så* finst i fire tekstar, medan ein tekst inneheld sideforma [*so*]. Samla er tendensen altså at hovudformene dominerer.
- vii. *u – y*: her fann eg berre eitt døme; den jamstelte hovudforma *lykke*.
- viii. *u – ø*: det einaste nedslaget eg fann i tekstmaterialet innanfor denne kategorien, var den jamstelte forma *sundag*.
- ix. *y – ø*: i e-postmaterialet fann eg berre døme på bruk av former med *ø*. Forma **ønsker* er nytta i ein tekst, medan forma *først(e)* er nytta i fire tekstar. I brevmaterialet er tendensen ein annan. Her er dei jamstelte formene *fyrst(e)* og *først(e)* nytta i hhv. fem og fire tekstar. I tillegg er det ein skrivar som blandar *fyrst(e)* og *først(e)*. Det er to tekstar som nyttar hovudforma *syster*, ein tekst som inneheld forma [*søsken*], og ein tekst som nyttar den jamstelte forma *ynske*.

Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: i brevmaterialet inneheld ein tekst forma *døde*, medan ein annan har forma *daude*.
- ii. *ø – øy*: i e-postmaterialet er det til saman tre døme på bruk av form med diftong (*drøymer*, *høyrt*, *døy*) og eitt døme på bruk av monoftongert form ([*dø*]). I brevmaterialet er også formene med diftong i fleirtal.

Konsonantar

- i. Enkel vs dobbel *m*: to tekstar i e-postmaterialet inneheld forma *kome*, medan to har forma *komme*. I tillegg er det eitt funn av sideforma [*gamal*]. I dette delmaterialet er det i tillegg ein tekst som inneheld forma **sammen*, og ein tekst som inneheld forma

- *samme. I brevmaterialet har eg berre funne aktuelle former i to tekstar. Begge desse nyttar formene med dobbel konsonant (*komma* og *gammal*).
- ii. Enkel vs dobbel *t*: den eine aktuelle forma eg har funne, er forma *kjøt* med enkel konsonant (brevmaterialet).

Anna

Ein tekst i brevmaterialet inneheld den jamstelte hovudforma *mogleg*. I e-postmaterialet er det ein god del innslag av dialektnære former som ligg utanfor rettskrivinga, t.d. **dåkke* og **dåkkas*, **dokk*, **kem* og **itte* (for *etter*). I tillegg er det mange eksempel på at sterke verb blir bøyde som svake (**leste*, **sugd*, **drept* osv.), og forma **vert* (for *vore*) går ein god del att.

Delkonklusjon

Redaktøren i *Norsk Barneblad* meiner tendensen til å skriva utanfor norma er sterkare i e-posttekstane enn i breva redaksjonen mottok med den vanlege posten. Ein enkel grunn til at dette kan vera tilfellet, er at tekstprodusentane opplever det elektroniske postsystemet som ein stad der normpresset ikkje finst i same grad som i andre skrivesituasjonar. Inntrykket mitt etter å ha lese breva og e-postinnlegga, er vel at begge materiala inneheld ei relativt stor mengd normbrot og inkonsekvensar.

Dersom me ser på formverksdelen, er det tydeleg at hovudformene i substantivbøyinga er heilt einerådande. Det finst ingen døme på bruk av sideformer innanfor desse kategoriane. Også når det gjeld dei undersøkte pronomenformene, er tendensen – så langt som det er mogleg å tolka han ut frå eit så smalt materiale – at hovudformene dominerer. Likevel er det altså to innslag av sideforma [*hennes*], som ikkje er så frekvent i andre delmateriale. Fordelinga i bruken av *vi* og *me* er heilt jamn.

Også i dette delmaterialet er det ein god del inkonsekvensar i bruken av infinitivsformer. Relativt mange av skrivarane nyttar *e*-infinitivar. Dei to som ser ut til å forsøka seg på kløyvd infinitiv, ser begge ut til å streva med systemet. Det er vanskeleg å seia noko om bruken av preteritumsformer og supinumformer av svake verb, fordi den totale mengda funn er så lita. I supinum av sterke verb er den jamstelte hovudforma med *-e* einerådande. Hovudforma *-st* i passiv og refleksiv dominerer.

Sjølv om sideforma [*bare*] er noo brukt, dominerer likevel bruken av hovudforma *berre* også i dette tekstmaterialet. Det same gjer bruken av hovudformene *gjera/-e*, *no* og *så*.

2.3 Tekstar frå eventyrkonkurransen for barn mellom 10 og 13 år

Eventyrtekstane er skrivne inn til ein eventyrkonkurransen som VG-nett arrangerte saman med Foreningen !Les og Tine (www.vg.no/eventyr/finn/). Eg har plukka ut dei tekstane som er skrivne på nynorsk, og har forsøkt å systematisera desse fylkesvis. Frå ein god del fylke mangla det tekstmateriale på nynorsk, så dei fylka som er representerte i denne delstudien, er Aust-Agder (21 tekstar), Rogaland (26 tekstar), Hordaland (27 tekstar), Sogn og Fjordane (29 tekstar), Møre og Romsdal (9 tekstar) og Oppland (13 tekstar).

Skrivarane er i alderen 10–13 år, og det same problemet gjer seg gjeldande i ekserperinga av desse tekstane, som i ekserperinga av tekstar frå KAL-materialet. Nokre av skrivarane har så svak skrivekompetanse at det er vanskeleg å avgjera kva målform dei nyttar. I ein del av nynorsktekstane er det store innslag av bokmålsformer. Av og til kan dette få den effekten at former som er fellesformer i bokmål og nynorsk, og som i tekstane står i ein elles eintydig bokmålskontekst, må registrerast som nynorskformer, sjølv om dei truleg ikkje er uttrykk for at skrivaren gjer medvetne val av radikale sideformer innanfor nynorskrettskrivinga.

Eventyrtekstane er som regel korte, og sjangeren gjer at innhaldet er nokså stereotyp. Det fører til at det totale ordforrådet som er representert i tekstane, er ganske lite. Dermed er det ein del av undersøkingskategoriane for denne undersøkinga som ikkje er representerte i tekstmaterialet i det heile.

Heile eventyrmaterialet var tidlegare i sommar lagt ut på internettsidene til avisa VG. Det var ikkje mogleg å skriva ut tekstane, og det var heller ikkje mogleg å kopiera dei over i Word-dokument, så ekserperinga har gått føre seg direkte frå skjerm. Det har heller ikkje vore mogleg å søka maskinelt på større mengder av dette tekstmaterialet, så eg måtte gå gjennom

tekst for tekst også her. Den vanskelege ekserperings-situasjonen gjer at det nok er ein del innslag av relevante former eg kan ha oversett.

Tekstgjennomgang

Også i denne gjennomgangen presenterer eg materialet samla, og kommenterer dei tendensane det er til fylkes- eller regionsvise avvik. Fordi tekstane er korte og innhaldet stereotyp, er det fylkesvis ofte få treff på formene eg undersøker. Når materialet blir vurdert samla, vil resultatane likevel kunna vera av interesse.

Morfologi

Substantiv

I tekstane frå samtlege fylke dominerte hovudformene innanfor alle dei undersøkte kategoriane av femininum. I to av tekstane frå Rogaland og i to av tekstane frå Hordaland fann eg bruk av [-a]-endingar i ubunden form sg. av svake femininum.

Når det gjeld dei svake nøytrumsorda *auge*, *øyre* og *hjarte*/[*hjerte*], har eg sett opp ein tabell som presenterer funna.

Tabell 3: bruken av dei svake nøytrumsorda *auge*, *øyre* og *hjarte*/[*hjerte*] i eventyr-materialet

	Ubunden form sg.	Bunden form sg.	Ubunden form pl.	Bunden form pl.
Aust-Agder	<i>auge</i> , * <i>øye</i>	-	-	<i>auga</i> , * <i>augene</i>
	-	<i>hartet</i>	-	-
	-	-	<i>øyre</i>	-
Rogaland	-	-	-	<i>augo</i>
	<i>øyre</i>	-	-	-
Hordaland	-	-	<i>augo</i> , <i>auge</i>	-
	* <i>øre</i>	-	* <i>øyrer</i>	
Sogn og Fjordane	-	-	<i>auge</i>	-
	<i>hjarte</i>	-	-	-
Oppland	-	-	<i>auge</i>	<i>auga</i> , <i>augo</i>

Som me ser av tabellen, er det vanskeleg å finna nokon tendens innanfor denne kategorien, korkje for kvart fylke eller totalt. Dette viser ein del av problemet med å arbeida med slike små delmateriale. Det er vanskeleg å få resultat som kan belysa bruken av dei ulike formene.

Adjektiv

Delundersøkinga av nøytrumsformer av adjektiv som endar på *-en* har det vore vanskeleg å finna materiale til. I heile eventyrmaterialet har eg funne eitt nedslag av den jamstelte hovudforma *ope* (i materialet frå Oppland). I tillegg gjorde eg to funn av hovudforma *lita* i materialet frå Rogaland, eitt funn av kvar av hovudformene *lita* og *eiga* i materialet frå Hordaland, og eitt funn av hovudforma *lita* i materialet frå Sogn og Fjordane. Eg har ikkje gjort funn av sideformene [*liti*] og [*eigi*] i det heile.

Pronomen

I materialet frå Aust-Agder er *vi* nytta som personleg pronomen 1. pers.pl. i fire tekstar, medan to tekstar har forma *me*. I tekstane frå Rogaland er *vi* nytta i fem av tekstane, og *me* i sju av tekstane. Det er dessutan ein skrivar som både nyttar *vi* og *me*. I tekstane frå Hordaland har eg funne forma *vi* i to tekstar og forma *me* i to. I materialet frå Møre og Romsdal har eg ikkje gjort funn av nokon av formene. I tekstane frå Sogn og Fjordane inneheld åtte av tekstane pronomenforma *vi*, medan ein tekst har *me*. I Opplands-tekstane har eg funne forma *vi* i tre av tekstane. Ingen andre former er representerte, korkje den jamstelte forma *me* eller den normstridige forma **oss*, som finst i nokre av Minneoppgåve-tekstane frå Oppland (jf pkt. 2.5).

I dette delmaterialet ser også bruken av hovudformene av pronomenet *nokon* ut til å vera heilt dominerande. I materialet frå Aust-Agder finst hovudformer av *nokon* i fem tekstar. Tre

tekstar inneheld både [*noen*] og *nokon*. I materialet frå Hordaland er det nytta hovudformer av *nokon* i ni av tekstane, medan ein tekst nyttar sideformene [*noen*] og [*noe*]. I materialet frå Sogn og Fjordane er det også berre ein tekst som blandar former. Resten av tekstane inneheld berre hovudformer. Frå Møre og Romsdal er det fire tekstar som inneheld former av *nokon*, medan ein tekst blandar hovudform og sideform. I tekstane frå Rogaland og Oppland har eg berre gjort funn av hovudformer. Sideforma [*onnor*] er ikkje representert i det heile i dette materialet.

I søket på hovudforma *hennar* og sideforma [*hennes*], har eg gjort eitt funn av sideforma i tekstmaterialet frå Aust-Agder. Av tekstane frå Rogaland og Møre og Romsdal, er det ein tekst frå kvart fylke som inneheld hovudforma *hennar*. I tekstane frå Sogn og Fjordane og Oppland har eg gjort to funn av hovudforma. I tekstmaterialet frå Hordaland er det ingen funn på dette punktet. Sjølv om det er få funn i dei fylkesvise materiala, er det altså bruken av hovudforma *hennar* som ser ut til å stå sterkast.

Hovudforma *deira* har eg funne brukt to stader i heile materialet (i ein tekst frå Møre og Romsdal og ein tekst frå Oppland). Sideforma [*deires*] er ikkje representert i det heile.

Verb

I tekstmaterialet frå Aust-Agder er det gjennomgåande brukt *e*-infinitivar. I materialet frå Rogaland er det ei usystematisk blanding av *e*- og *a*-infinitivar i mange av tekstane. Dei 13 tekstane frå Høle skole peikar seg ut med nokså konsekvent bruk av *e*-infinitivar⁸. I materialet frå Hordaland har tre av tekstane *a*-infinitivar, medan åtte har *e*-infinitivar, ein har kløyvd infinitiv og ni blandar infinitivar. Ein av tekstane er så kort at det ikkje er mogleg å avgjera om skrivaren praktiserer *e*-infinitivar eller kløyvd infinitiv⁹. I materialet frå Sogn og Fjordane blir det nytta *e*-infinitivar i så mange som 17 av tekstane. I åtte andre tekstar er det berre overveksinfinitivar, men desse har alle *e*-ending. Kløyvd infinitiv finst i to av tekstane, medan tre blandar systema. Infinitivar med *e*-ending dominerer også i tekstmaterialet frå Møre og Romsdal, men her er det ein del usystematiske innslag av *a*-infinitivar her og der. Dette er også tilfellet i materialet frå Oppland. Her blir det nytta *e*-infinitivar i sju av tekstane. I tillegg er det to tekstar som berre inneheld overveksinfinitivar (med *e*-ending), og to tekstar som blandar *e*- og *a*-infinitivar.

Når det gjeld infinitivane, må me nok konkludera med at *e*-infinitivane ser ut til å vera dominerande i heile undersøkingsområdet. I dei delområda der *a*-infinitiven er ein del av det lokale talemålssystemet, snik det seg inn *a*-infinitivar i nokså stort omfang (som i tekstane frå Rogaland og Hordaland).

Det er vanskeleg å finna nokon tendens i bruken av preteritumsformer av *e*- og *j*-verb. Ein god del av elevane ser ut til å ha store problem med å administrera denne delen av morfologien. Mange av tekstane inneheld både hovud- og sideformer eller jamstelte former på ein gong. I delmaterialet frå Aust-Agder er det stor blanding av verbformene *spurde*/*spurte*] og *hørde*/*hørte*]. Det same er tilfellet i materialet frå Rogaland. I materialet frå Hordaland er hovudforma *hørde* nytta i fem tekstar, sideforma [*hørte*] i to tekstar, og dei jamstelte formene *hørde* og *hørte* i ein tekst kvar. Hovudforma *spurde* er nytta i to tekstar, medan sideforma [*spurte*] er nytta i sju tekstar. To tekstar inneheld sideforma [*sendte*], og i tillegg inneheld dette delmaterialet eitt innslag av kvar av formene [*fortalte*], [*skremte*], [*ringte*] og [*kjende*]. Dei jamstelte formene *bestemde* og *bestemte* har eg funne ein gong kvar. I tekstmaterialet frå Sogn og Fjordane er hovudforma *hørde* nytta i sju tekstar, medan ein tekst har sideforma [*hørte*]. Ein tekst inneheld den jamstelte forma *hørte*. Berre to av tekstane inneheld hovudforma *spurde*, medan åtte har sideforma [*spurte*]. I tekstmaterialet frå Oppland er det overvekt i bruken av *-de*. Det må likevel nemnast at sideforma [*spurte*] her er nytta i tre tekstar, medan hovudforma *spurde* finst i fire av tekstane¹⁰.

⁸ I det heile viser tekstmaterialet som er produsert til denne konkurransen av elevane ved Høle skole i Sandnes at skolen nok ikkje baserer lese- og skriveopplæringa si i nynorsk på bruk av talemålsnære former. Her dominerer *e*-infinitivane saman med pronomenforma *vi*.

⁹ Tala her er svært usikre. I korte tekstar med få infinitivar kan det sjå ut som om bruken av infinitivsendingar er konsekvent. I lengre tekstar viser det seg oftast eit virvar av former.

¹⁰ Fordi sjangeren gjer innhaldet i tekstane stereotyp, er det ikkje så mange andre preteritumsformer enn desse som er representerte med meir enn eitt treff.

Eventyrmaterialet inneheld få supinumformer av svake verb. I materialet frå Hordaland har eg funne to eksempel på bruk av forma *budd*, og eitt av forma [*dødd*]. I tekstane frå Sogn og Fjordane har eg gjort to funn av forma *fødd*, og to av *døydd*/*dødd*. I materialet frå Møre og Romsdal har eg funne formene *bygt*, *leigt* og *skjedd*. Tekstmaterialet frå Oppland inneheld formene *prøvd*, *bygd* og *fødd*. Den totale mengda funn er lite å byggja ei tolking på, men dersom det i det heile kan sporast nokon tendens her, så er det ein tendens til bruk av *-(d)d*.

Når det gjeld supinumformer av sterke verb, er tendensen i dette delmaterialet som i andre, heilt eintydig bruk av jamstelte hovudformer med *-e*.

Hovudformer med *-st* og sideformer med [*-s*] er overraskande jamt representerte i kategorien passiv- og refleksivformer. I materialet frå Aust-Agder og Møre og Romsdal har eg berre gjort funn av hovudformer. I tekstane frå Rogaland har eg gjort eitt funn av hovudforma *-st*, og eitt funn av sideforma [*-s*]. I materialet frå Hordaland har eg gjort to funn av passiv med *-st*-ending, og to med [*-s*]-ending. I materialet frå Sogn og Fjordane er det to funn av hovudformer, og eitt funn av sideform. I Opplands-tekstane er det eitt funn av hovudform med *-st* og eitt funn av sideform med [*-s*]. Her kan det altså sjå ut til at dette delmaterialet skil seg frå dei andre undersøkte delmateriala i denne undersøkinga. Men også innanfor denne kategorien må det understrekast at den totale mengda funn er lita, og at biletet fort kan forrykkast.

Når det gjeld tilhøvet mellom kort- og langformer av verb, er det ein heilt eintydig tendens til bruk av kortformer. Tekstmaterialet frå Aust-Agder, Rogaland og Sogn og Fjordane inneheld kortforma *ta*, og det er ingen funn av langformer. Materialet frå Hordaland inneheld kortformene *be*, *gje/gi* og *ta*. I tekstane frå Sogn og Fjordane har eg funne kortformene *be* og *ta*, og i materialet frå Møre og Romsdal har eg gjort funn av kortforma *dra*. Heller ikkje i desse delmateriala har eg gjort funn av langformer.

For bruken av sterke verb med svake former er funnmengda også litt varierende. I materiala frå Aust-Agder, Rogaland Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har eg berre gjort funn av supinumforma [*tatt*]. I materialet frå Hordaland har eg både funne sideforma [*tatt*], den jamstelte forma *ridd*, og den jamstelte forma *slått*. Ein tekst nyttar sideforma [*drar*] som presens av verbet *dra(ga)*. I materialet frå Oppland har eg funne den svake forma [*tatt*] og den sterke forma *teke* i kvar sin tekst.

Av dei undersøkte verba med hovud- eller sideform med og utan *j* i infinitiv og presens, ser det ut til å vera fleirtal av former med *j* i materialet frå Aust-Agder. Her har eg funne *fortelje*, *planleggje* og *setje*, og i tillegg forma **følge*. Funna i materialet frå Rogaland peikar i retning av at dette er ein kategori som er vanskeleg for skrivarane. Eg har funne bruk av hovudformene *spørje*, *leggja*, *ynskja/ønskja* og *tenkja*. I tillegg har eg gjort funn av sideforma [*sitta*], og dei normstridige formene **ønske* inf., **fortella* og **følga*. I materialet frå Hordaland er det korrekt bruk av eineformene *følga* og *ønskjer*, og i tillegg har eg gjort funn av hovudformene *sitje*, *byggje*, *leggja* og *besøkja*. I ein tekst er sideforma [*rekke*] nytta. I materialet frå Sogn og Fjordane er biletet litt meir samansett att. Her er det blanding av hovudformer med *j* (*byggje*, *tenkje*, *steikjer* osv), sideformer utan *j* ([*sette*], [*steike*]), og former utan *j* (**ønske* inf., **fortelle*) som ikkje ligg innanfor rettskrivinga. Hovudformene er likevel i fleirtal i desse tekstane. I tekstane frå Møre og Romsdal er berre hovudformer med *j* nytta, og i tekstane frå Oppland er formene med *j* i fleirtal.

I kategorien *bli-blei-blitt*, er det variasjonar mellom delmateriala. I materialet frå Aust-Agder er det fem av skrivarane som nyttar former av *bli*, to som nyttar former av *verta/-e* og to som blandar (nyttar *blei* og *vart* i same teksten). I materialet frå Rogaland nyttar så mange som ti av skrivarane former av *bli*, medan to nyttar former av *verta/-e* og to blandar. I tekstane frå Hordaland er det også stort sett nytta former av *bli*, men to tekstar blandar (bruker både *blei* og *vart*). I eventyrtekstane frå Sogn og Fjordane er det på dette feltet eit virvar utan like. Fem av tekstane inneheld *vart* og *blei* om kvarandre (to av desse tekstane inneheld dessutan supinumforma *blitt*), og ein tekst har forma *vert* i presens og forma *blei* i preteritum. I tillegg er det ni tekstar som berre inneheld forma *vart*, og fire tekstar som inneheld former av *bli*. I materialet frå Møre og Romsdal er det nytta former av *bli* i fire tekstar, former av *verta/-e* i tre tekstar, og ein tekst blandar. Av tekstane frå Oppland er det seks som inneheld former av *verta/-e*, tre som inneheld former av *bli* og fire som blandar former av *bli* og *verta/-e*. Totalt er funna innanfor denne kategorien så lite eintydige at det ikkje er mogleg å peika på nokon einskapleg tendens.

Fonologi

Nokre av funnkategoriane her er det mogleg å lesa tendensar ut av, t.d. tilhøvet mellom hovudforma *berre* og sideforma [*bare*], eller hovudforma *no* og sideforma [*nå*]. Andre kategoriar er det dårlegare med – her er talet på funn så lågt at det ikkje kastar lys over normsituasjonen. I denne delen av undersøkinga blir det altså svært tydeleg at tekstmengda er lita.

Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: i seks av tekstane frå Aust-Agder er sideforma [*bare*] nytta. Ein tekst inneheld både *berre* og [*bare*], og i to tekstar blir hovudforma *berre* nytta. I materialet frå Rogaland er sideforma [*bare*] nytta i fem tekstar, medan fire tekstar har hovudforma *berre*. To tekstar inneheld både hovudforma og sideforma. I materiala frå Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Oppland er tendensen ein heilt annan. I Hordaland-materialet inneheld seks av tekstane hovudforma *berre*, ein tekst inneheld sideforma [*bare*], og ein tekst inneheld begge formene. I tillegg har eg i dette tekstmaterialet funne eitt nedslag av sideforma [*enten*]. 17 av tekstane frå Sogn og Fjordane inneheld hovudforma *berre*, medan ein tekst inneheld både *berre* og [*bare*]. Ein tekst har sideforma [*enten*]. I materialet frå Møre og Romsdal er det tre tekstar som inneheld hovudforma *berre*, medan ingen nyttar sideforma [*bare*]. I materialet frå Oppland har eg gjort funn av hovudforma *berre* i sju av tekstane. Ein blandar hovudforma *berre* og sideforma [*bare*]. Denne siste teksten inneheld også den jamstelte forma *framande*.
- ii. *e – i*: ein av tekstane frå Rogaland inneheld den jamstelte forma *vite*, medan ein av tekstane frå Hordaland inneheld forma *veta*. I materialet frå Sogn og Fjordane har eg gjort eitt funn av kvar av formene *vite* og *vete*. Her er det i tillegg ein tekst som nyttar sideforma [*fikk*]. Dei andre tekstane som nyttar dette verbet, har preteritumsforma *fekk*. I materialet frå Møre og Romsdal har eg også gjort funn av preteritumsformene [*fikk*] og [*gikk*]. I materialet frå Oppland har eg gjort eitt funn av den jamstelte forma *vite*.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjere* er nytta i ein av tekstane frå Hordaland. I materialet frå Sogn og Fjordane er det eitt funn av infinitiven *gjere* og eitt funn av presensforma [*gjør*]. Desse tre formene utgjer den samla funnmengda i denne delen av undersøkinga.
- iv. *jo – y*: to av tekstane i materialet frå Rogaland inneheld den jamstelte forma *lys*. Det same gjer ein av tekstane i materialet frå Møre og Romsdal. Dette er dei einaste funna eg har gjort innanfor denne undersøkingkategorien.
- v. *o – u*: seks av tekstane i materialet frå Rogaland inneheld den jamstelte forma *skule*. Forma *skole* er ikkje nytta i dette delmaterialet i det heile. I materialet frå Hordaland har eg funne forma *skule* i to tekstar. I tillegg har eg her gjort funn av forma **tro*, som ikkje er innanfor nynorskrettskrivinga. I materialet frå Sogn og Fjordane har eg gjort eitt funn av eineforma *frukost* og eitt funn av forma **frokost*. Frå Møre og Romsdal har eg ein tekst som inneheld hovudforma *sommar*, og ein tekst som inneheld den jamstelte forma *skule*. Tekstmaterialet frå Oppland inneheld eitt døme på bruk av forma *skole*.
- vi. *o – å*: fire av tekstane i materialet frå Aust-Agder inneheld hovudforma *no*, medan to tekstar inneheld sideforma [*nå*]. Seks av tekstane i materialet frå Rogaland inneheld hovudforma *no*, fem av tekstane har sideforma [*nå*], og ein tekst inneheld både hovudforma og sideforma. I materialet frå Hordaland finst hovudforma *no* i ni av tekstane, og hovudforma *så* i 10 tekstar. Sideformene [*nå*] og [*so*] har eg ikkje registrert i det heile i dette delmaterialet. Sideforma [*dråpar*] er nytta i to tekstar. Hovudforma *no* er nytta i 13 av tekstane frå Sogn og Fjordane. I tillegg har eg funne hovudforma *enno* brukt i to tekstar. Ingen av tekstane inneheld sideformene [*nå*] og [*ennå*]. Sju av tekstane inneheld hovudforma *så*, medan tre tekstar inneheld sideforma [*so*]. Ein tekst blandar bruken av *så* og [*so*]. I materialet frå Møre og Romsdal har eg gjort funn av hovudforma *no* i to tekstar, medan ein tredje tekst inneheld sideforma [*nå*]. I dette materialet er det så mange som tre tekstar som inneheld sideforma [*so*], medan berre ein har hovudforma *så*. I materialet frå Oppland er hovudforma *no* nytta i ein tekst, medan sideforma [*nå*] er nytta i to tekstar. I tillegg er det ein tekst som

- inneheld både hovudforma *no* og sideforma [*nå*]. To tekstar har også hovudforma *så*. I dette delmaterialet er det ingen funn av sideforma [*so*].
- vii. *u – y*: i materialet frå Aust-Agder har eg gjort funn av formene *lykkast*, *lykkeleg* og *lykke*. I tillegg har eg gjort eitt funn av den jamstelte forma med *u*; *ulukke* (dette funnet er gjort i same teksten som nyttar forma *lykke*). Ein god del av tekstane i materialet frå Rogaland inneheld forma *lykke*. Ein tekst inneheld forma *ulukke*. I materialet frå Hordaland er forma *lykke* nytta i 10 tekstar, medan forma *lukke* ikkje er nytta i det heile. I materialet frå Sogn og Fjordane er *lykke* nytta i seks av tekstane, og *lukke* i tre tekstar. Ein tekst inneheld både *lukke* og *lykke*. I dette delmaterialet har eg dessutan gjort eitt funn av den jamstelte forma *mysene* (pl. av *mus*), og eitt av sideforma [*tunn*]. Frå Møre og Romsdal nyttar tre tekstar former med *y*, medan ein tekst inneheld *lukke* og *lukkelege*. Materialet frå Oppland inneheld berre former med *y* (seks tekstar). Det er altså ein klår tendens til at den jamstelte forma *lykke* med *y* blir føretrekt av skrivarane.
- viii. *u – ø*: i materialet frå Hordaland er den jamstelte forma *søndag* nytta i ein tekst. Materialet frå Møre og Romsdal har ein tekst som inneheld den jamstelte forma *brønnen*.
- ix. *y – ø*: i materialet frå Aust-Agder har eg funne hovudforma *sølv* og den jamstelte forma *først* i ein tekst. Ein annan tekst blandar formene *fyrste* og *første*, medan ein tredje inneheld forma *ønske* n. I materialet frå Rogaland er den jamstelte hovudforma *først(e)* nytta i 10 av tekstane, medan *fyrst(e)* er nytta i to tekstar. Ein tekst blandar desse formene. Ein tekst inneheld hovudforma *sysken*, og ein tekst nyttar både hovudforma *følgde* og sideforma [*fylgde*]. Ein tekst frå Hordaland inneheld den jamstelte forma *ønske* n., fire tekstar inneheld den jamstelte forma *først(e)*, medan ein tekst har forma *fyrst(e)*. To tekstar nyttar hovudforma *sølv*. To av tekstane i materialet frå Sogn og Fjordane inneheld sideforma [*løfte*]. Ingen av tekstane har hovudforma *lyfte*. Tre tekstar inneheld sideforma [*søster*]. Ein tekst inneheld hovudforma *bytte* f. Tre tekstar inneheld den jamstelte forma *først(e)*, medan ein tekst nyttar *fyrst(e)*. Ein tekst inneheld forma **følge* n. Tre av tekstane frå Møre og Romsdal nyttar den jamstelte forma *først(e)*, ein inneheld hovudforma *lyfte* og ein inneheld hovudforma *systemer*. Materialet frå Oppland inneheld berre former med *ø* (*sølv*, *følgje*, [*søsken*] og [*søster*]). Totalt ser det altså på dette punktet ut til å vera ein dominans av former med *ø*, både i dei kategoriane der formene med *y* og *ø* er jamstelte, og der formene med *y* er hovudformer.

Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: i materialet frå Rogaland har eg funne hovudforma *straum* med diftong nytta i ein tekst. Ein av tekstane i materialet frå Hordaland inneheld den jamstelte forma *daud*. I materialet frå Sogn og Fjordane har eg funne ein tekst som inneheld forma **rød*, og i materialet frå Møre og Romsdal har eg funne forma **øst* i ein av tekstane. I materialet frå Sogn og Fjordane har eg funne den jamstelte forma *død* nytta i to tekstar. Hovudforma *draum* er nytta i ein tekst i dette delmaterialet. Den totale mengda funn innanfor denne kategorien er lita, og det er vanskeleg å peika på tydelege tendensar.
- ii. *ø – øy*: i materialet frå Aust-Agder har eg gjort funn av forma *høyre* i åtte av tekstane. Ein av tekstane inneheld både *hørte* og *høyerte*, medan ein tekst berre har *hørte*. Formene *kjørte* og *køyrde* finst i ein tekst kvar. Ni av tekstane i materialet frå Rogaland inneheld forma *høyre* med diftong. Ein tekst har formene *høra* og *kjøra* med monoftong. To tekstar nyttar forma *køyra*. Ein tekst inneheld hovudforma *gløyma*, og ein tekst inneheld hovudformene *døy* og *døydde* med diftong. I materialet frå Hordaland er sideforma [*gjømme*] nytta i ein tekst. Former av *høyre* med diftong er nytta i ni tekstar, medan former av *høre* er å finna i to tekstar i dette delmaterialet. To tekstar inneheld forma *kjøre*, og to tekstar nyttar sideforma [*dø*], medan berre ein inneheld hovudforma *døy*. Ein tekst inneheld den jamstelte forma *trøtt* med monoftong, og ein inneheld den jamstelte forma *røyr* n. med diftong. Former med diftong er i fleirtal i materialet frå Sogn og Fjordane. Her finst både former av *høyre*, *gløyme*, *gøyme* og *drøyme*. Unntaket er hovudforma *døy* som er nytta i ein tekst, medan sideforma [*dø*] er nytta i to. Ein tekst nyttar både *døydde* og **døde*, og ein tekst

inneheld både *høyerte* og *hørte*. I materialet frå Møre og Romsdal har eg berre funne den jamstelte forma *høre* og hovudforma *gløyme* (men dette er også det minste av eventyrtekstmateriala). I materialet frå Oppland ser også formene med diftong ut til å vera i fleirtal, men her er det også fleire innslag av former med monoftong, som *høre* (to av tekstane, men den eine nyttar både preteritumsforma *hørte* og supinumforma *høyrt*). Ein av tekstane inneheld den jamstelte forma *trøytt*, medan ein annan inneheld den jamstelte forma *rør* n. Når funna i kategorien skal oppsummerast, ser det uansett ut til at formene med diftong dominerer nokså sterkt.

Konsonantar

- i. enkel vs dobbel *m*: i materialet frå Aust-Agder har eg funne bruk av hovudforma *gammal* i tre av tekstane. Hovudforma *sommar* er nytta i ein tekst. Den jamstelte forma *koma* er nytta i tre tekstar, medan *komma* er nytta i to. I dette delmaterialet er det også ei viss veksling i bruken av eineforma *same* og forma **samme*, som ligg utanfor norma. I materialet frå Rogaland inneheld tre av tekstane former av *koma*, og tre tekstar nyttar former av *komma*. I to tekstar er hovudforma *gammal* nytta, og i to tekstar sideforma [*gamal*]. Også i dette delmaterialet er det ein tekst som inneheld forma **samme*. I tekstsamlinga frå Hordaland har eg funne former av *komma* i fire tekstar, medan ein berre inneheld former av *koma*. To andre tekstar nyttar både former med enkel og dobbel konsonant. To av tekstane i dette materialet inneheld hovudforma *gammal*, medan sideforma [*gamal*] ikkje finst i dette delmaterialet. Eg har dessutan gjort eitt funn av sideforma [*tome*] av adj. *tom*. I ein av tekstane er forma **samme* nytta. Fem av tekstane frå Sogn og Fjordane inneheld hovudforma *gammal*, medan sideforma [*gamal*] blir nytta i fire andre tekstar. Fire tekstar inneheld former av *koma* med enkel konsonant, tre har former med dobbel konsonant, og ein tekst inneheld både former av *komma* og *koma*. Ein tekst inneheld hovudforma *stramme*. Ein tekst nyttar sideforma [*råme*] f. I materialet frå Møre og Romsdal er former av *kome* med enkel konsonant nokså gjennomgåande nytta. Dessutan er sideforma [*gamal*] nytta, men ikkje hovudforma med dobbel konsonant. I materialet frå Oppland finst hovudforma *gammal* i tre av tekstane, medan sideforma [*gamal*] berre er nytta i ein tekst. Dei jamstelte formene *koma* og *komma* er nytta i ein tekst kvar. Sideforma [*tome*] er nytta i ein tekst.
- ii. enkel vs dobbel *t*: i materialet frå Aust-Agder har eg funne forma **krutt* i ein av tekstane. I materialet frå Rogaland er forma *kjøt* nytta i ein tekst, og *kjøtt* i to tekstar. I materialet frå Hordaland er det eitt nedslag av den jamstelte forma *skot*. I ein av tekstane frå Sogn og Fjordane har eg funne forma *skot*.

Anna

Eg har gjort eitt funn av den jamstelte hovudforma *mogleg*, og eitt funn av den jamstelte hovudforma *mogeleg* i dette delmaterialet. Bruken av dei jamstelte formene *då* og *da* ser ut til å vera nokså jamn.

Delkonklusjonar

Som i dei andre delmateriala er det nokre av kategoriane i undersøkinga av morfologiske trekk som går att. Det er stort sett berre hovudformene av dei feminine substantiva som blir nytta. Sideforma [*-i*] i bf.sg. av sterke femininum er heilt fråverande i dette delmaterialet, og det same er sideformene [*-or*, *-one*] i pl. av svake femininum. Bruken av [*-a*] i svake femininum bf.sg. er også heilt marginal. Når det gjeld pronomena, er tendensen til bruk av hovudformene *nokon-noka-noko-nokre* heilt tydeleg. Sideformene [*noen*] og [*noe*] finst det nokre einskilddøme på, medan sideforma [*nokor*] ikkje er registrert i det heile.

Bruken av *e*-infinitivar er også påfallande sterk i dette delmaterialet. Sjølv i dei områda der talemålet har *a*-infinitivar eller kløyvd infinitiv, ser *e*-infinitivane ut til å dominera, men meistringa av infinitivane med *-e* ser ut til å vera dårlegare i dei områda der slike infinitivar ikkje er ein del av det lokale talemålet. I dei undersøkte preteritumskategoriane er materialet så magert at det er vanskeleg å peika på nokon klår tendens. Supinum av dei sterke verba blir i alle tekstane som inneheld slike former, danna med *-e*. Kortformer av verb dominerer

fullstendig over langformene, medan det er overraskande mange funn av passiv- og reflektivformer med [-s] i dette delmaterialet.

I lydverkskategoriane med relativt store funn, viser det seg at hovudforma *berre* står sterkt i fylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Oppland. I Aust-Agder og Rogaland er sideforma [*bare*] overraskande sterkt representert. Det ser ut til at den jamstelte forma *skule* også her blir nytta meir enn forma *skole*. Hovudformene *no* og *så* ser ut til å stå sterkt, også i dette delmaterialet. Sideforma [*nå*] har ein viss bruk i materialet frå Rogaland og Oppland, og sideforma [*so*] har ein viss bruk i tekstane frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Elles er det liten bruk av sideforma [*so*]. I kategorien *u – y* har eg undersøkt frekvensen av formene *lukke* og *lykke*. I dette tekstmaterialet (eventyrtekstar) er det ein god del bruk av nett dette appellativet, og formene med *y* er fullstendig dominerande. Tendensen i undersøkinga av former med *ø* eller *y* er dominans av former med *ø*, både der dei er hovudformer, jamstelte former og sideformer. Når det gjeld diftongane, ser formene med diftongen *øy* ut til å dominera over formene med monoftong. For tilhøvet mellom bruken av diftongen *au* og monoftongen *ø*, er talet på treff så lågt at det ikkje stadfestar nokon tendens.

2.4 Skrivebua

Dette delmaterialet er tekstar som er sende inn til *Skrivebua*, ein nettstad som blir administrert av Nordland fylkesbibliotek. Adressa til nettstaden er www.narvik.folkebibl.no/skrivebua. Biblioteket opplyser at dei legg ut alle tekstane dei får inn i uredigert og ukorrigert versjon, slik at tekstane skal sjå ut nøyaktig slik dei gjorde då skrivarane sende dei frå seg. *Skrivebua* skal vera eit tilbod til barn og ungdom mellom 10 og 20 år. Det er meininga at lærarar skal marknadsføra skrivetilbodet til elevane sine, men det er ein grunnregel at tekstane ikkje skal rettast av lærar før dei blir sende til nettstaden. Kvar månad presenterer *Skrivebua* eit emne innskriverane kan skriva om, og då ligg det gjerne ved ein liten tekst som skal setja i gang forteljeprosessen. Denne teksten plar vera på bokmål, så dei som skriv inn på nynorsk, gjer altså dette heilt på eige initiativ. I utvalet mitt av tekstar frå *Skrivebua* er det til saman 20 tekstar av ulik lengd. Ein av desse tekstane er frå Nordland, fire er frå Møre og Romsdal, to er frå Sogn og Fjordane, 10 er frå Hordaland og tre er frå Rogaland. Dei yngste skrivarane i utvalet mitt er 10 år gamle, medan dei eldste er 17 år.

I tekstgjennomgangen presenterer eg funna samla, og kommenterer det særleg dersom det er tekstar som skil seg ut på noko vis.

Tekstgjennomgang

Morfologi

Substantiv

I alle dei tekstane der eg har funne sterke femininum i bunden form, er hovudforma med *-a* nytta. Når det gjeld dei svake feminina i ubunden form, dominerer hovudformene med *-e*. Ein tekst inneheld sideformer med [*-a*]. Pluralisformene *-er* og *-ene* er einerådande i fleirtal av svake femininum. I kategorien svake nøytrumsord har eg gjort funna som er presenterte i tabellen under (**tabell 4**):

	Ubunden form sg.	Bunden form sg.	Ubunden form pl.	Bunden form pl.
<i>hjarte</i>	<i>hjarte</i> (1 tekst)	* <i>hjarte</i> (1 tekst), <i>hjarta</i> (1 tekst), <i>hjetet</i> (1 tekst)		
<i>auge</i>	<i>auge</i> (2 tekstar)		<i>auge</i> (1 tekst)	<i>auga</i> (5 tekstar), <i>augo</i> (3 tekstar)
<i>øyre</i>		<i>øyret</i> (1 tekst)		

Dei to tekstane som inneheld *auge* som ub.sg. nyttar forma *auga* i bf.pl., så dei held seg altså innanfor same bøyingsmønsteret. Teksten der formene *øyret* og *hjetet* er nytta, inneheld samstundes *augo* som bf.pl. av *auge*.

Adjektiv

Det er få funn innanfor kategorien nøytrumsformer av adjektiv på *-en* også i dette delmaterialet. Ein tekst inneheld den jamstelte hovudforma *ope*, og ein annan sideforma [*nakent*].

Pronomen

Pronomenforma *vi* er nytta i åtte av tekstane, medan pronomenforma *me* er nytta i tre tekstar. Ein tekst inneheld både *vi* og *me* som personleg pronomen i 1. pers.pl.

I dette delmaterialet har eg berre gjort funn av hovudformer av pronomenet *nokon*. Korkje sideformene [*noen*] og [*noe*] eller sideforma [*nokor*] er representerte.

Hovudforma *hennar* er nytta i to av tekstane, medan sideforma [*hennes*] er nytta i ein tekst. Eg har berre gjort funn av hovudforma *deira* i to tekstar. Ingen av tekstane inneheld sideforma [*deires*]. Eg har heller ikkje gjort funn av sideformer av pronomenet *annan*.

Verb

Ni av tekstane har *e*-infinitivar, medan tre av tekstane har *a*-infinitivar. Ein av skriarane nyttar kløyvd infinitiv, medan fem skriarar blandar *e*- og *a*-infinitivar.

Når det gjeld preteritum av *e*- og *j*-verb, ser det ut til at hovudformer eller jamstelte former med *-de* er i fleirtal. Eg har funne tre tekstar som inneheld hovudforma *høyrd*, og tre som inneheld hovudforma *spurde*, medan to tekstar nyttar sideforma [*spurte*]. I tillegg har eg funne to førekomstar av hovudforma *fortalde*, og ein av *klemde*, *kjende* og *gløymde*. I tillegg til sideforma [*spurte*], er det ein førekomst av preteritumane [*valte*], [*sendte*] og [*glømte*]. Litt spesielt er det med preteritumsforma av verbet *ringja/-e*. Her er det tre førekomstar i materialet, og alle tre er av sideforma [*ringte*].

Eg har berre gjort to funn av supinumformer av svake verb med obligatorisk *-(d)de* i preteritum. Dette er formene *skjedd* og *prøvd*, som finst i kvar sin tekst.

Valet av den jamstelte forma *-e* i supinum av sterke verb er heilt gjennomgåande også i dette delmaterialet. I passiv- og refleksivformer av verb har eg berre registrert bruk av hovudformer med *-st*-ending. Kortformene av verb dominerer også her; som i *gi*, *dra*, *ta* og *ri*. Når det gjeld bruken av svake former av sterke verb, finst det i dette materialet både eksempel på bruk av sideformene [*tatt*] og [*dratt*].

Undersøkinga av *j* eller ikkje *j* i infinitivar og presensformer av verb viser at formene med *j* er i eit visst fleirtal. I tekstmaterialet er det åtte tekstar som inneheld infinitiven *tenkja/-e*, tre førekomstar av *spørja/-e* og to førekomstar av kvar av verba *leggja*, *liggja* og *ringja*. Det finst to førekomstar av sideforma [*sitta/-e*], elles er det berre einskildførekomstar av sideformer utan *j* i dette delmaterialet.

Her som i andre delmateriale er det vanskeleg å peika på nokon tydeleg tendens i bruken av verba *bli* og *verta/-e*. Former av *bli* dominerer sterkt, og i infinitiv er det sju av tekstane som berre nyttar denne forma. Ein tekst nyttar konsevent forma *verta*, medan ein tekst nyttar begge verba. I supinum dominerer forma *blitt*, medan det i preteritum er litt meir variasjon. Her er det også tre av tekstane som inneheld både *blei* og *vart* samstundes.

Fonologi

Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: hovudforma *berre* dominerer fullstendig, og er nytta i 10 av tekstane. Sideforma [*bare*] er nytta i ein tekst. Hovudformene *anten* og *spanande* er nytta i kvar sin tekst.
- ii. *e – i*: den jamstelte forma *veta* er registrert i to tekstar i dette delmaterialet, medan forma *vite* er registrert i ein tekst.
- iii. *e – ø*: hovudforma *gjera/-e* er registrert i seks tekstar, medan sideforma [*gjøra*] ikkje er registrert i dette delmaterialet i det heile.
- iv. *jo – y*: den jamstelte forma *lys* finst i fire tekstar i dette delmaterialet. Former med *jo* har eg ikkje funne.
- v. *o – u*: forma *skule* er registrert i to tekstar, medan den jamstelte *skole* ikkje finst i dette delmaterialet.

- vi. *o – å*: hovudforma *no* finst i 14 av desse tekstane, medan sideforma [*nå*] berre er nytta i ein tekst. Ein av tekstane som nyttar hovudforma *no*, inneheld samstundes sideforma [*ennå*]. Hovudforma *så* blir nytta i 13 tekstar i dette delmaterialet, medan sideformene [*so*] og [*ogso*] er nytta i to tekstar. I den eine av desse tekstane har eg også gjort funn av hovudforma *så*. Sideforma [*dråpe*] er registrert i tre tekstar, medan hovudforma med *o* ikkje finst her i det heile.
- vii. *u – y*: her kan eg berre finna former med *y*; to tilfelle av den jamstelte forma *lykke* og eit av forma **skygge*, som ligg utanfor rettskrivinga.
- viii. *u – ø*: det einaste eg har registrert på dette punktet, er bruken av den jamstelte forma *søndag* i ein av tekstane.
- ix. *y – ø*: den jamstelte forma *først(e)* har eg funne i fire tekstar. Ein tekst bruker både *første* og *fyrste*, medan to tekstar nyttar *fyrst(e)*. To tekstar inneheld hovudforma *følgja*, medan sideforma [*fylgja*] blir nytta i ein tekst. Sideforma [*søsken*] er nytta i ein tekst.

Vokalar: diftongar

- i. *au – ø*: to tekstar inneheld hovudforma *straum*, medan ein tekst inneheld den jamstelte forma *halvdøde*.
- ii. *ø – øy*: det er eitt treff på kvar av hovudformene *drøyma* og *gøyma* i dette delmaterialet. I tillegg er det sju tekstar som inneheld ei form av *gløyma/-e* med diftong, medan tre av tekstane inneheld ei form av [*glømma*]. Ein tekst nyttar den jamstelte forma *trøsta*, og to tekstar nyttar kvar av dei jamstelte formene *høyra* og *høra*. Ein tekst inneheld hovudforma *døy*, og ein inneheld den jamstelte forma *køyra*. Alt i alt er det ein viss overvekt i bruken av former med diftong.

Konsonantar:

- i. enkel vs dobbel *m*: forma *koma/-e* er nytta i fem av tekstane, medan *komma-e* finst i fire tekstar i dette delmaterialet. Hovudforma *gammal* og sideforma [*gamal*] er nytta i ein tekst kvar. Det er to tekstar som nyttar hovudforma *sommar*, medan det ikkje finst døme på bruk av sideforma [*sumar*] i dette tekstmaterialet. Ein tekst inneheld forma **samme*, som er utanfor rettskrivinga.
- ii. enkel vs dobbel *t*: det einaste som er å peika på her, er eitt funn av forma **gutt*, som ligg utanfor rettskrivinga.

Anna

Eg har gjort eitt funn av den jamstelte hovudforma *mogeleg*.

Delkonklusjon

Også i dette delmaterialet ser me at substantivbøyinga er svært einsarta. Det er knapt funn av sideformer i dei undersøkte kategoriane av femininum i det heile. Pronomenforma *vi* dominerer, og hovudformene av pron. *nokon* er einerådande i dette tekstmaterialet. Eit fleirtal av tekstane har *e*-infinitivar, men det er også ein god del skrivarar som blandar *e*- og *a*-infinitivar. Hovudformene dominerer i preteritumsbøyinga av svake *e*- og *j*-verb, og supinumformene med *-e* er einerådande for dei sterke verba sin del. Det same er bruken av hovudforma *-st* i passiv- og reflektivformer.

I undersøkingane av formverket viser det seg at bruken av hovudforma *berre* er heilt dominerande, saman med hovudformene *gjera/-e*, *lys*, *no* og *så*. Sideforma [*dråpe*] er nytta i tre tekstar, men eg har ikkje funne døme på bruk av hovudforma. Med dette eine unntaket ser altså hovudformene ut til å dominera, også i dette tekstmaterialet.

2.5 Minneoppgåver

Minneoppgåvematerialet er samlingar av sjølvbiografiske nedteikningar skrivne av eldre menneske over heile landet. I 1964 arrangerte Nasjonalforeningen for folkehelse ein konkurranse der eldre som var fødte før år 1900, blei oppmoda om å skriva om livet sitt. Sidan har det vore nye konkurransar i 1981 og i 1996, der dei fødte før hhv. 1915 og 1930 har fått høve til å senda inn livshistoriene sine. Eg har fått tilgang til minneoppgåvematerialet i

originalversjon på Samlingsseksjonen ved Institutt for kulturstudier, UiO. Delar av det finst også i ein digitalisert versjon.

Minneoppgåvene er ei rik kjelde til kunnskap om skriftspråkpraksis over tid. Materialet er organisert fylkesvis, og nokre fylke er fyldig representerte, medan andre fylke har færre skrivarar. Eg har arbeidd med materiale frå konkurransen i 1996, og det er svært vekslande kor utbreidd bruken av nynorsk er. Eg gjorde ekserperinga manuelt, og måtte difor velja ut nokre fylke å sjå nærare på. Tanken var å bruka materiale frå nokre av dei fylka eg elles har dårleg stofftilgang frå, og utvalet blei til sist fylka Telemark, Oppland og Nord-Trøndelag. Eg hadde håpa at det fanst materiale på nynorsk frå dei tre nordlegaste fylka, men av ei stor mengd tekstar frå Nordland var berre to skrivne på nynorsk. Frå Troms og Finnmark fann eg ingen tekstar på nynorsk i det heile. Grunnen til at eg valde materialet frå 1996, er at eg ville ha det nyast mogleg.

Skrivarane er alle fødte før 1930, men det er ganske stort sprang i alderen deira. Den yngste i materialutvalet mitt er født i 1930, medan den eldste er født i 1902. Nokre av skrivarane har altså fått den grunnleggjande lese- og skriveopplæringa si før innføringa av 1917-normalen, dei fleste av dei har fått lese- og skriveopplæring etter 1917-rettskrivinga, medan eit lite mindretal av informantane truleg har fått opplæring etter 1938-rettskrivinga.

Materialet frå Telemark består av totalt 20 minneoppgåver, og heile 15 av desse er på nynorsk. Fleire kommunar er representerte, men så mange som sju av informantane er opphavleg frå Seljord. I 1996-materialet frå Oppland er også 15 av tekstane på nynorsk, medan materialet frå Nord-Trøndelag ikkje inneheld meir enn tre tekstar på nynorsk. Til saman brukte eg ei veke på å ekserpera, systematisera og tolka resultata, så arbeidet er tidkrevjande (m.a. fordi så mykje av det er skrive for hand).

Eg har valt å presentera materialet på same måten som dei andre tekstmateriala, altså at eg går gjennom det samla, og kommenterer eventuelle skilje mellom dei ulike geografiske områda fortløpande. Sidan denne studien ikkje gjeld feiltypar, har eg i presentasjonen her ikkje teke omsyn til ulike skrivefeil som ikkje gjeld dei fenomenen eg undersøker. Det vil seia at når ein tekst inneheld forma **syskin*, registrerer eg dette (i undersøkinga av tilhøvet mellom bruken hovudforma *sysken* og sideforma [*søsken*]) som bruk av hovudform med *y*, utan å ta omsyn til den avvikande skrivemåten av ordet. Eg generaliserer også ved å berre visa til infinitivar eller ub.sg. Det vil seia at om ein tekst inneheld infinitivsforma *høyra* og ein annan har preteritumsforma *høyrede*, plasserer eg begge under kategorien “former av *høyra*”.

Tekstgjennomgang

Morfologi

Substantiv

I materialet frå Telemark nyttar fire av skrivarane [-*i*]-endingar i bunden form sg. av sterke hokjønnsord. Dei andre tekstane som inneheld sterke hokjønnsord i bunden form, blandar mellom hovudformene med *-a* og sideformene med [-*i*]. I materialet frå Oppland er det ein av skrivarane som bruker sideformene med [-*i*], medan tolv tekstar har hovudformer med *-a* og ein tekst blandar (her blir både *døri* og *tida* nytta). I materialet frå Nord-Trøndelag er det berre hovudforma som er representert.

I ubunden form sg. av svake femininum er det ingen eksempel på bruk av sideformer med [-*a*] i nokon av tekstane. Alle nyttar hovudformene med *-e*. Sideforma med [-*a*] kom jo inn att i rettskrivinga i 1983, men var valfri form frå 1917 og fram til innføringa av 1938-rettskrivinga, der *-e* blei eineform.

I pluralis er sideformene [-*or*, *-one*] i svake femininum heller ikkje så godt representerte. I materialet frå Telemark nyttar alle skrivarane hovudformene *-er*, *-ene*, med unntak av skrivar nr. 13, som i eitt tilfelle skriv “*tri vikur*”. I materialet frå Oppland nyttar ein skrivar formene *gjentor* og *gjentone*. Åtte skrivarar nyttar konsekvent hovudformene, medan ein skrivar har eitt einskildinnslag av forma **tidone*. Denne skrivaren nyttar konsekvent *-er* og *-ene* i pluralisformene av alle dei svake feminina.

Svake nøytrumsord: den totale førekomsten av desse orda er liten. Eg har sett opp eit tabellarisk oversyn over dei funna eg har gjort i dei tre tekstmateriala.

Tabell 5: nøytrumssubstantiva *auge*, *øyre* og *hjarte*/[*hjerter*] i Minneoppgåvene

	Ubunden form sg.	Bunden form sg.	Ubunden form pl.	Bunden form pl.
Telemark	-	-	<i>augo</i> (3 tekstar), <i>auge</i> (1 tekst)	<i>augo</i> (4 tekstar), * <i>augone</i> (1 tekst)
	-	-	-	<i>øyro</i> (3 tekstar)
	<i>hjarta</i> (1 tekst)	<i>hjarta</i> (1 tekst)	-	-
Oppland	<i>auga</i> (2 tekstar)	-	-	<i>augo</i> (2 tekstar)
Nord-Trøndelag	<i>auge</i> (1 tekst)	<i>auget</i> (1 tekst)	-	<i>augo</i> (1 tekst)
	<i>hjarte</i> (1 tekst)	-	-	-
				* <i>øyrene</i> (1 tekst)

Her er det lite å byggja ei fortolking på, men når det gjeld formene frå Nord-Trøndelag, må det kommenterast at alle førekomstane finst i ein og same teksten. Dermed ser me bruk av bøyingsmønsteret *auge-auget-augo-augo*, som me også fann i fleire av avistekstane. I materialet frå Telemark ser bøyingsmønsteret *a-a-o-o* ut til å dominera.

Adjektiv

Nøytrumsformer av adjektiv på *-en*: i materialet frå Telemark nyttar ein skrivar hovudforma *ope*, ein nyttar hovudforma *nake*, og ein tredje nyttar sideforma [*modent*]. I materialet frå Oppland finst det ingen døme på bruk av nøytrumsformer av adjektiv på *-en*, medan materialet frå Nord-Trøndelag inneheld eitt innslag av forma **åpent*.

Pronomen

Når det gjeld bruken av personleg pronomen 1. pers. pl., er det ikkje så uventa nokre skilje mellom dei tre fylka i utvalet mitt. I materialet frå Telemark nyttar 14 skrivarar forma *me*. Av desse er det ein som har eitt innslag av forma *vi*. Ein skrivar nyttar berre forma *vi*. I materialet frå Oppland er det seks av skrivarane som nyttar forma *me*¹¹. Fire av skrivarane nyttar forma *vi*, medan tre innskrivarar vekslar mellom *vi* og **oss* som subjektform. I denne kategorien ser me altså heilt klåre tilfelle av dialektinterferens. I dei tre tekstane frå Nord-Trøndelag blir det berre nytta *vi*.

Eg har ikkje gjort funn av sideformene [*noen*, *noe*] i nokon av tekstane. Samtlege tekstar i denne undersøkingskategorien inneheld former av *nokon*.

For formene *hennar* og [*hennes*] fann eg ingen eksempel i tekstmaterialet frå Telemark. I Opplands-materialet var det tre av tekstane som inneheldt hovudforma *hennar*. I materialet frå Nord-Trøndelag var det ein av tekstane som inneheldt sideforma [*hennes*].

To av skrivarane frå Telemark nyttar hovudforma *deira*. Det same gjer to skrivarar frå Oppland, og ein frå Nord-Trøndelag. Det er ingen funn av sideforma [*deires*] i nokon av delmateriala.

Når det gjeld bruken av *annan* og *anna* held skrivarane seg stort sett til hovudformene. I materialet frå Telemark er det i eitt tilfelle nytta forma **onnorleis*. I materialet frå Oppland er det også ein skrivar som nyttar sideforma [*onnor*]. Skrivarane frå Nord-Trøndelag nyttar berre hovudformene *annan* og *anna*.

Verb

For bruken av infinitivar har eg sett opp følgjande tabell (**tabell 6**):

	<i>a</i> -infinitiv	<i>e</i> -infinitiv	kløyvd infinitiv	blandar
Telemark		1 skrivar	5 skrivarar	9 skrivarar
Oppland			7 skrivarar	7 skrivarar
Nord-Trøndelag			3 skrivarar	

¹¹ Ein av desse nyttar vekselvis den normerte forma *me* og dialektforma *mø*.

Dette tek seg jo ikkje så bra ut for *a*-infinitiven sin del, men me skal hugsa på at alle dei utvalde fylka ligg innanfor det området der ein kan forventa at det blir nytta kløyvd infinitiv.

I preteritumsformer av *e*- og *j*-verb er det i materialet frå Telemark stor overvekt i bruken av former med *-de*, både der dei skal vera, og der dei ikkje høyrer heime, som i **kvilde*, **fylde*, **kjølde*. Nokre få innslag av *-te*-bruk er det, men stort sett på stader der denne ikkje har nokon sideformstatus innanfor rettskrivinga, som i **fylgte* og **melte* (pret. av *å melde*). I materialet frå Oppland er det same tendensen til bruk av former med *-de*. To av tekstane inneheld forma [*fortalte*]. I materialet frå Nord-Trøndelag er tendensen heilt motsett. Det er ikkje så mange formene eg har funne totalt, men både den jamstelte forma *førte* og sideformene [*ringte*], [*kjente*], [*spurte*] er representerte. I ein av tekstane er den jamstelte forma *lærde* nytta.

Supinum av svake verb med obl. *-(d)de* i pret: det er vanskeleg å peika på nokon klår tendens i denne delen av materialet. Her finst former med *-(d)d*, *-(d)t* og *-tt* om kvarandre. Unntaket her er tekstmaterialet frå Nord-Trøndelag, der det berre finst døme på bruk av supinumformer med *-(d)d*.

I supinum av sterke verb er bruken av former med *-e* dominerande i materialet frå Telemark. Åtte av skrivarane nyttar desse. Ein skrivar nyttar former med *-i*, og fire skrivarar blandar mellom former med *-e* og *-i*. I materialet frå Oppland er det også åtte av skrivarane som nyttar supinumformer med *-e*. Her er det dessutan fem som blandar mellom former med *-e* og *-i*. I materialet frå Nord-Trøndelag nyttar to av skrivarane former med *-i*, medan ein nyttar former med *-e*.

Passiv- og reflexivformer: i materialet frå Telemark nyttar 12 av skrivarane former med *-st*, medan to skrivarar vekslar mellom [*-s*] og *-st*. I materialet frå Oppland nyttar 10 av skrivarane former med *-st*, medan to nyttar former med [*-s*]. Materialet frå Nord-Trøndelag inneheld stort sett berre former med [*-s*] ([*kjennas*], [*minnas*], [*syngas*], [*samlas*]).

I materialet frå Telemark er det ein god del bruk av langformer. Fleire av informantane bruker kort- og langformer om kvarandre. Eg har sett opp ein tabell som viser bruken av desse.

Tabell 7: bruken av kort- og langformer i materialet frå Telemark

	Kortform	Langform	Blandar
<i>ta(ka)</i>	5 skrivarar	4 skrivarar	4 skrivarar
<i>å ha(va)</i>	6 skrivarar	1 skrivar	-
<i>å gje(va)</i>	2 skrivarar	1 skrivar	-
<i>å dra(ga)</i>	5 skrivarar	1 skrivar	-

I dei andre delmateriala er kortformene dominerande eller einerådande. (I Oppland er det ein av skrivarane som konsekvent bruker langformene *beda*, *hava* og *taka* og ein tekst som berre har det eine nedslaget *gjeva* innanfor denne undersøkingskategorien. Dei andre skrivarane nyttar kortformer.)

Svake former av sterke verb er ikkje særleg sterkt representerte i dette delmaterialet. I tekstane frå Oppland og Nord-Trøndelag er det ein heilt klår tendens til bruk av dei sterke formene. I materialet frå Telemark har eg eit så dårleg undersøkingsresultat at det ikkje er mogleg å finna nokon tendens.

For tilhøvet mellom former av verb med og utan *j*, er det i materialet frå Telemark overraskande stor bruk av former utan *j*. Sjølv om materialet er lite, ser me at av dei totale registreringane er 17 med *j* og 14 utan. Former med *j* er talmessig mykje meir dominerande i materialet frå Oppland. Her har eg registrert 33 nedslag av former med *j* og åtte nedslag (fordelt på fire tekstar) av former utan. Materialet frå Nord-Trøndelag inneheld (med eitt unntak) berre former utan *j*.

Når det gjeld bruken av *bli-bli-blei-blitt*, er det store variasjonar både mellom tekstane og også internt i tekstane. Tendensen til at skrivarane bruker både *blei* og *vart* er ganske sterk i materialet frå Telemark (så mange som seks av tekstane inneheld begge formene). Det er også ein god del variasjon i tekstmaterialet frå Oppland, men tendensen går kanskje litt meir i retning av *bli-bli-vart-vorte*. Materialet frå Nord-Trøndelag er såpass lite at det er vanskeleg å lesa nokon eintydig tendens ut av det.

Fonologi

Vokalar: monoftongar

- i. *a – e*: her er resultatet ganske samansett. I materialet frå Telemark er det så mange som seks av skrivarane som nyttar sideforma [*bare*]. Fem skrivarar nyttar hovudforma *berre*, og tre skrivarar nyttar både hovudforma og sideforma. Ingen av skrivarane nyttar sideforma [*enten*], men eg har samstundes berre registrert hovudforma *anten* i ein tekst. To av tekstane nyttar den jamstelte hovudforma *jern*. I materialet frå Oppland er tendensen eintydig bruk av hovudforma *berre*. Ti av tekstane inneheld denne forma¹². Ein skrivar nyttar den jamstelte hovudforma *jarn*. I materialet frå Nord-Trøndelag er hovudformene *berre*, *berr* og *jarn* einerådande.
- ii. *e – i*: i materialet frå Telemark har eg berre gjort funn av forma *vita*. Dette delmaterialet inneheld dessutan to tekstar med forma **vika* bf.sg. av det svake hokjønnsordet *veke*. Ein skrivar nyttar samansetjinga *medveten*. Materialet frå Oppland har to tekstar med forma *veta*, og ein tekst der forma *vita* er nytta. Ein av tekstane frå Nord-Trøndelag inneheld formene *vita* og *samvett*, medan ein tekst nyttar forma **millom*.
- iii. *e – ø*: ni av skrivarane frå Telemark nyttar hovudforma *gjera*, medan ein skrivar nyttar hovudforma *gjera* saman med sidaforma [*oppgjør*]. Åtte av tekstane i materialet frå Oppland inneheld hovudforma *gjera*. Ein av desse tekstane inneheld dessutan forma **oppgjør*. Tekstane frå Nord-Trøndelag inneheld berre forma *gjera*.
- iv. *jo – y*: i materialet frå Telemark er formene med *ljøs(-)* dominerande (sju av tekstane). To tekstar inneheld *lys(-)*. I materialet frå Oppland er det meir variasjon. Her nyttar fire av tekstane konsekvent *ljøs(-)*, medan tre av tekstane berre har *lys(-)*. Ein tekst inneheld både *ljøst* og *lyssky*, medan ein annan har *ljøst* og *lyspærer*. Ein av tekstane inneheld også sideforma [*skjote*]. I materialet frå Nord-Trøndelag er det berre døme på bruk av forma *lys*.
- v. *o – u*: former av *skule* er totalt dominerande i materialet frå Telemark. I tillegg har eg her registrert forma **lumme*. Dei fleste skrivarane nyttar dessutan sideforma [*jol*]. Former med *skule-* er også heilt dominerande i materialet frå Oppland. Her finn eg i tillegg ein god del bruk av sideformene [*jol*] og [*sume*]. Dessutan er det døme på bruk av formene **um*, **upp* og **burte*. I materialet frå Nord-Trøndelag er berre forma *skole* nytta.
- vi. *o – å*: sju av skrivarane frå Telemark nyttar hovudforma *no*, medan fem nyttar sideforma [*nå*]. Ein blandar formene *no* og [*nå*]. 11 skrivarar nyttar hovudforma *så*, medan to nyttar [*so*]. To skrivarar blander formene *så* og [*so*]. I tillegg har eg funne forma *tole* i ein tekst, og [*tåle*] i ein annan. I materialet frå Oppland er det sju tekstar med hovudforma *no*, og to med sideforma [*nå*]. To tekstar inneheld både *no* og [*nå*]. Ni tekstar har hovudforma *så*, medan tre tekstar har sideforma [*so*]. Desse inneheld også samansetjingar [*sopass*], [*ogso*] osb. Ein tekst inneheld både *så* og [*so*]. I materialet frå Nord-Trøndelag er det berre hovudformene *no* og *så* som er i bruk.
- vii. *u – y*: i materialet frå Telemark har eg berre funne eitt tilfelle av *lukke*, og ingen av den jamstelte forma med *y*. I materialet frå Oppland bruker ein informant både *lukke* og *lykke-*, medan ein annan berre har *lykke-*. Ein tredje tekst inneheld sideforma [*skynde*]. I materialet frå Nord-Trøndelag er det berre formene med *y* som er i bruk (*fiskelykke*, *ulykkelege*, *lykke*).
- viii. *u – ø*: åtte av tekstane frå Telemark inneheld forma *sundag(-)*. Ein tekst inneheld både forma *søndag* og forma *førjølssundag*. Tre skrivarar nyttar forma [*turk(e)*], medan ein fjerde nyttar forma *tørka*. To skrivarar nyttar den jamstelte forma *brønn*.
- ix. *y – ø*: i tekstane frå Telemark er det sterk tendens til at formene med *y* blir nytta – både der dei er hovudformer, jamstelte former og sideformer. Eg har funne hovudforma *syster* i åtte tekstar, og *syster*/*søster* i ein tekst. Den jamstelte forma *fyrst(e)* er nytta i ni av tekstane, medan *først(e)* er nytta i ein tekst. Sideforma [*fylgje*] er nytta i sju

¹² Ein av skrivarane nyttar hovudforma *berre*, men i samansetjinga *barføtt* nyttar han sideforma [*bar*] av adjektivet *berr*.

tekstar, medan hovudforma *følgje* berre er nytta i ein tekst¹³. I materialet frå Oppland er det også overvekt av former med *y*. Forma *fyrst(e)* er nytta i åtte tekstar, medan ein tekst inneheld *først(e)*. To tekstar blandar. Hovudforma *sysken* er nytta i fem tekstar, medan ingen konsekvent nyttar sideforma [*søsken*]. To tekstar blandar. Fire tekstar inneheld hovudforma *syster*, medan ingen konsekvent nyttar [*søster*]. To tekstar blandar her også. Hovudforma *lyfte* er nytta i tre tekstar, medan sideforma ikkje er nytta i det heile. Hovudforma *følgje* og sideforma [*fylgje*] er nytta i tre tekstar kvar. Hovudforma *sølv* og sideforma [*sylv*] er nytta ein gong kvar. I tekstmaterialet frå Nord-Trøndelag er det berre former med *ø*, med unntak av eitt tilfelle, der hovudforma *syster* er nytta. Det er generelt vanskeleg å sjå noko mønster i dei tekstane som inneheld både former med *y* og *ø*. Det ser t.d. ikkje ut til å vera slik at desse skrivarane held seg til hovudformene av orda.

Vokalar: diftongar

- iii. *au – ø*: formene med diftong er heilt dominerande i materialet frå Telemark. I tillegg til *haust*, *lauk*, *straum*, *draum* osv., finst dialektformene **staul* og **kaupe*. Eit kuriosum som også må nemnast, er at to av skrivarane skil mellom *brød* (brød med gjær) og *braud* (flatbrød). Ein tekst inneheld forma **høst* ved sida av *haust*. I materialet frå Oppland er det meir variert bruk av former med og utan diftong. Her er det to tekstar som inneheld hovudforma *straum*, medan tre tekstar har sideforma [*strøm*]. Sju tekstar inneheld eineforma *haust*, medan ein tekst blandar, og ein tekst nyttar forma **høst*. Ein tekst inneheld eineforma *laurdag*, medan ein annan tekst har **lørdag*. I materialet frå Nord-Trøndelag er det så få tekstar at det er vanskeleg å generalisera. To av tekstane inneheld eineforma *haust*, og ein tekst nyttar hovudforma *straum*, saman med den jamstelte forma *løk* og den normstridige forma **lørdag*.
- iv. *ø – øy*: i materialet frå Telemark er det tre tekstar som inneheld den jamstelte forma *høyre*, ein som har *høre* og ein som blandar desse to formene. To tekstar inneheld forma *køyre*, medan ein har *kjøre*. Tre tekstar inneheld hovudforma *gøyme*, og to nyttar hovudforma *gløyme*. Sideformene med monoftong er ikkje nytta. Interessant er det å sjå at forma **fløte* m., som er utanfor rettskrivinga, blir nytta i tre av tekstane. I materialet frå Oppland dominerer formene med diftong fullstendig. To av tekstane nyttar den jamstelte forma *kjøre*, og to tekstar nyttar sideforma [*dø*]. I tekstmaterialet frå Nord-Trøndelag er det igjen totalt få nedslag, men her varierer det litt meir. Her finn me både former av *høyre*, *køyre*, [*drømme*], [*glømme*] og [*dø*].

Konsonantar

- i. Enkel vs. dobbel *m*: i tekstane frå Telemark er det overvekt av former med enkel konsonant. Former av *koma* finst i åtte av tekstane, medan *komma* berre finst i ein. Hovudforma *sommar* finst i fem tekstar, medan sideforma [*sumar*] er nytta i sju tekstar. Ein tekst inneheld former av begge. Hovudforma *gammal* er nytta i tre tekstar, medan sideforma [*gamal*] er nytta i 10. Sideforma [*sume*] finst i tre av tekstane, medan ein tekst både inneheld *somme* og [*sume*]. Tendensen til bruk av formene med enkel konsonant er også tydeleg i materialet frå Oppland. Her nyttar ni av tekstane former av *koma*, medan ingen av tekstane inneheld *komma*. Ni tekstar nyttar sideforma [*gamal*], medan ein nyttar hovudforma *gammal*, og ein både inneheld hovudform og sideform. Seks tekstar inneheld sideforma [*sumar*], medan ein har hovudforma *sommar*. To tekstar inneheld både hovudform og sideform. To tekstar har sideforma [*sume*], medan ingen tekstar inneheld hovudforma *somme*. I materialet frå Nord-Trøndelag har to av tekstane hovudsakleg former med enkel *m*, medan den tredje teksten nyttar formene med *mm*.
- ii. Enkel vs. dobbel *t*: i materialet frå Telemark nyttar eit fleirtal av skrivarane *kjöt(-)*. Ein tekst inneheld forma *kjøttkaker*, medan ein tekst nyttar både *kjöt(-)* og *kjøtt(-)*. I materialet frå Oppland fann eg to skrivarar som nytta forma *kjöt*, og to som nytta forma *kjøtt*. I materialet frå Nord-Trøndelag nyttar to av skrivarane både *kjöt* og *kjøtt*.

¹³ Tekstane frå Telemark inneheld også former med *y* som no er utanfor rettskrivinga. To av skrivarane nyttar forma **pylse*, to av dei nyttar forma **myrk*. Ein har forma **fyremun*.

Den eine av desse nyttar i tillegg forma *forskott*. Den tredje skrivaren nyttar forma *kjøt*.

Anna

Bruken av *mogleg/mogeleg* [*muleg*]: i materialet frå Telemark nyttar fire skrivarar den jamstelte hovudforma *mogeleg*, medan ein nyttar sideforma [*muleg*]. Tre av tekstane frå Oppland inneheld den jamstelte hovudforma *mogleg*. Ingen av tekstane frå Nord-Trøndelag inneheld dette ordet.

Andre trekk: minneoppgåvene viser tydeleg ein del innslag av dialektinterferens. I materialet frå Telemark inneheld to av tekstane forma **kala* for *karda*. Her ser ein altså den tjukke *l*-en direkte representert i skrift. Også skriveformer som **prâm* (jf gno *prámr*) og **yver*- reflekterer normstridige dialektinnslag.

I minneoppgåvene frå Oppland er det også ein god del dialektinterferens. Han kjem tydeleg til uttrykk gjennom t.d. kasusformer (som “*åt luften*”) og dissimilasjonsformer (som “*spinne gådn*”).

Delkonklusjon

Hovudtendensen i dette delmaterialet er at det inneheld ein god del former som ser ut til å vera på veg ut av språket i andre delmateriale. Innanfor nokre av kategoriane kjem det tydeleg til uttrykk at slike former dominerer (som t.d. sideformene [*sumar*] og [*sume*], som er lite i bruk i andre delmateriale), og det er også representert ein god del arkaiske former som ikkje lenger er ein del av rettskrivinga. M.a. inneheld fleire av tekstane frå Telemark og Oppland former som *gjente*, *vilde*, *skulde*, *snilde*, *yverlaup*, *har havt* osv.

Variasjonen er likevel større i dette delmaterialet enn i andre delmateriale. I dei fleste formverkskategoriane er det mogleg å registrera variasjon, og skiljet går oftast mellom materialet frå Telemark og Oppland på eine sida, og materialet frå Nord-Trøndelag på andre sida. I undersøkinga av fonologiske kategoriar, er det t.d. overraskande at sideforma [*bare*] er så mykje nytta i delmaterialet frå Telemark. Denne forma blei innført som valfri form i 1917-rettskrivinga, men blei teken ut att i 1938-rettskrivinga.

3. Konklusjonar

Denne rapporten lir litt under mangelen på undersøkingar av upublisert materiale produsert av vaksne folk som ikkje er særleg gamle, altså dei som har fått lese- og skriveopplæring etter innføringa av 1938-rettskrivinga, og dei som har fått opplæring etter innføringa av læreboknormalen i 1959. Planen min var å gå gjennom ein del av dagbokmaterialet til Norsk etnologisk gransking, men etter som eg i slutfasen av engasjementsperioden min havna i tidsnaud, måtte eg la dette prosjektet bli liggjande. Det tok om lag ei veke å arbeida seg gjennom materialet av minneoppgåver, og det ville nok vore minst like tidkrevjande å gjera ei tilsvarande undersøking av dagbokmateriale.

Det kjem tydeleg til uttrykk i denne rapporten at store delar av materialet er små, korte tekstar som er manuelt ekserpererte. På kvart av undersøkingspunkta blir talet på funn lite, og resultatata blir dermed usikre. For at resultatata skulle blitt tydelegare og sikrare, måtte eg anten hatt til disposisjon store tekstdatabasar, eller det måtte vore sett av mykje meir tid til ekserperingsarbeid.

Generelt kan me vel slå fast at det kan lesast e i n hovudtendens ut av barne- og ungdomstekstane i denne undersøkinga, og ein annan av tekstane som er skrivne av eldre (i den graden det er mogleg å generalisera slik over tekstmateriala frå Minneoppgåvesamlingane). Ei tydeleg skiljeline er bruken av sideforma [*-i*] i bf.sg. av sterke femininum. Dette er ei form som ikkje er registrert i barne- og ungdomstekstane i det heile. I Minneoppgåve-materialet er forma nytta både i Telemark og Oppland. Ei anna skiljeline er bruken av kort- og langformer av verb. Medan langformene dominerer i delar av Minneoppgåve-materialet, er kortformene tilnærma einerådande i barne- og ungdomstekstmateriala. Eit tredje tydeleg skilje mellom tekstgruppene, er valet av infinitivformer. I Minneoppgåvene er det ein sterk tendens til bruk av kløyvd infinitiv. Denne infinitivstypen er meir eller mindre fråverande i barne- og ungdomstekstane. Her må det sjølvstakt takast med i den endelege rekneskapen at ein svært

stor del av barne- og ungdomsmaterialet er produsert av skribantar som ikkje høyrer heime i den delen av landet der jamvektsinfinitivar finst i det lokale talemålet. Likevel skulle ein i fleire av delmateriala i det minste venta seg ein del innslag av kløyvd infinitiv.

Minneoppgåvene inneheld også ein god del arkaiske former. Her skil likevel dei tre oppgåvene frå Nord-Trøndelag seg ut som mykje meir 'moderne', både når det gjeld det leksikalske og når det gjeld morfologien.

Sjølv om altså delar av undersøkingane har gitt nokså magre resultat, meiner eg å kunna peika på nokre hovudtendensar i delmateriala av barne- og ungdomstekst (pkt. 2.1–2.4). Desse er:

- ein mest heilt eintydig bruk av hovudformer i bøyinga av hokjønns substantiva
- ein sterk tendens til bruk av *e*-infinitivar (sjølv om det blir rota ein del her)
- klår tendens til bruk av hovudformene av pronomena *nokon* og *annan*. Sideformene [*nokor*] og [*onnor*] er ikkje nytta i det heile, og sideformene [*noen*, *noe*] er relativt lite nytta.
- eintydig tendens til bruk av *-e* i supinum av sterke verb
- sterk tendens til bruk av hovudformene *berre*, *no* og *så*, og til bruk av dei jamstelte formene *lykke*, *lys* og *skule*. Det ser også ut til at bruken av former med \emptyset i ord der ein kan velja mellom *y* og \emptyset , står ganske sterkt. På dette punktet er det likevel nokre mindre forskjellar mellom dei ulike regionane.
- hovudformer med diftongen $\emptyset y$ er meir utbreidde enn sideformer med \emptyset .

På andre punkt er det ikkje fullt så tydelege resultat. Dette gjeld t.d. bruken av verbformer med og utan *j* (sjølv om det ser ut til at formene med *j* generelt er noko meir nytta), preteritumsformer av *e*- og *j*-verb (der hovudtendensen likevel er bruk av hovudformene med *-de*) og bruken av enkel eller dobbel konsonant i ord som *kom(m)a* og *kjøtt(t)*. Her må det kommenterast at det i dei fleste tekstmateriala dukkar opp eksempel på bruk av formene **samme* og **sammen*, som altså ligg utanfor nynorskrettskrivinga. Det må også kommenterast at tendensen til val av *-st* i reflexiv og passiv ikkje er så eintydig i dette materialet som det var i publisert tekst på nynorsk. Her finst det tvert om ein god del innslag av passiv- og reflexivformer med [-s].

For resten av undersøkingskategoriane er frekvensane så låge at resultatata ikkje let seg tolka.